

# ÅRSMELDING 2019

Hardanger og Voss museum



HARDANGER OG VOSS  
MUSEUM

# Høgdepunkt 2019

## Januar:

Arrangement- og utstillingsåret er i gang! Med m.a. konsert med Trio Wolski i Kabuso.

## Mars:

Den kulturelle skulesekken og 2. klasse i Øystese/Norheimsund har besøkt Peter i småbåtverkstaden og spikka. Museums-tokta med Mathilde starta i mars.

## Mai:

Peter har helde årekurs på Hardanger fartøyvernssenter, det resulterte i 8 årepar. Agatunet opna for sesongen 11. mai og hadde mellom anna utstillingane til; Lars Osa - verk frå Aga som ikkje tidlegare er utstilt. Smykkeutstilling av May Helen Bleie og Siri Berrefjord.

## Februar:

Lansering av HVM sine nye nettsider. 2 fullteikna helgekurs i brodering av hjartebringklut på Utne.

## April:

Opning av utstillinga «Musea dansar» på Voss. Det var hardangersaumkurs på Utne.

## Juni:

Hardanger trebåtfestival vart arrangert i tilknytning til Hardanger fartøyvernssenter. Læringsarena for bygningsvern opna same stad. Sommarutstillingar og aktivitetar ved besøksstadane.

## Nøkkeltal 2019

	2019	2018	2017	2016	2015
Besøk	63 185	56 143	56 413	55 022	55 194
Gjenstandar	51 973	51 867	51 812	49 568	52 200
Foto	94 604	94 604	94 604	94 604	94 604
Kulturhistoriske bygg	133	133	133	133	130
Verna fartøy	4	4	4	4	4
Publikasjonar	4	4	4	2	3
Utstillingar	34	27	30	34	42
Arrangement, konsert mm <sup>1)</sup>	329	85	106	107	79
Driftsinntekter*	55 057	67 239	62 167	63 227	54 875
Årsresultat*	-1 212	2 489	4 710	2 811	5 312
Eigenkapital**	12 010	13 072	10 583	5 873	12 595
Totalkapital*	44 608	42 251	44 163	41 470	28 294
Faste tilsette	64	60	58	59	57
Årsverk	61,7	61,7	59,3	58,4	54,7
A-melding (l&t-oppgåve)***	193	173	203	184	199
Sjukefråvær	6,3 %	4,3 %	4,0 %	4,3 %	4,1 %

1) Auken i 2019 kjem i hovudsak frå antal konsertar i Hardingfela.no


\* Tal i tusen kroner

\*\* Implementering av pensjonsforplikting per 1.1.2016.

\*\*\* Frå 2016 er det beløpsgrense på kroner 10 000 for å innrapportere A-melding. Antal personar under beløpsgrensa vert inkludert i tala.



## Organisasjon 2019





Delar av styret var samla på Fremad 11 25.2.20. Framme frå venstre: Brit Aksnes, Sigrid Brattabø Handegard, Randi Bårtvedt (direktør). Bak frå venstre: Asbjørn Tolo, Marie Charlotte Vermersch, Toralv Mikkelsen.  
Foto: Silje Ensby

## Styret var i 2019 sett saman slik:

Utneimnd av	Rolle	Namn	Vara
Rådet	Styreleiar	Sigrid Brattabø Handegard	
Rådet	Styremedlem	Anne-Sofie Lutro	2. Jan Gunnar Strand
Rådet	Styremedlem	Brit Aksnes	
Rådet	Styremedlem	Asbjørn Tolo	
Hordaland fylkeskommune	Styremedlem	Toralv Mikkelsen	Sara Hamre Sekkingstad
Tilsette	Styremedlem	Alexander Günther	1. Karen Noer Korssjøen
Tilsette	Styremedlem	Ann Kristin Kjerland	1. Agnete Sivertsen
			2. Peter Helland Hansen
			2. Geir Madsen
			3. Kasper Krogh Hansen

## Rådet var i 2019 sett saman slik:

Vald av:	Namn	Vara
Ordførar i Eidfjord	Anved Johan Tveit	Aslak Lægred
Ordførar i Granvin	Ingebjørg Winjum	Lars Bjarte Røynstrand
Ordførar i Jondal	Jon Larsgard	Reidun Haugen Dalseth
Ordførar i Kvam	Jostein Ljones	Heidi Sandven Botnen
Ordførar i Odda	Roald A. Haug	Linda H. Jondahl
Ordførar i Ullensvang	Solfrid Borge	Kåre Grønsnes
Ordførar i Ulvik	Hans Petter Thorbjørnsen	Jens Olav Holven
Ordførar i Voss	Hans Erik Ringkjøb	Sigbjørn Hauge
Voss folkemuseum	Gurid Bonsaksen	Gunnar Hemre Ringheim
Voss folkemuseum	Olav Tvilde	Knut Seim
Agatunet	Guttorm Rogdaberg	Vally Karlstrøm
Granvin Bygdemuseum	Lars Brekke	Svein Medås
Hardanger folkemuseum	Sjur K. Jaastad	Margrethe Langfeldt
Hardanger folkemuseum	Martha Rykkje	Kjell Kjerland
Ingebrigt Vik Museum	Harald Kjosås	Ole Gjerde
Kunsthuset Kabuso, Tusenårsstaden Hordaland	Svein Skotheim	Knut Olav Nestås
Hardanger fartøyvernssenter	Natalia Golis	Jan-Fredrik Paulsen
Hardanger fartøyvernssenter	Klaus Rasmussen	Randi Storaas
Kvam Bygdemuseum	Nils Drage	Arne Sandven

# Styret si beretning

Hardanger og Voss museum vart skipa 17. januar 2006 og har forretningsstad Utne. Museet har driftsansvar for Agatunet, Granvin bygdemuseum, Hardanger fartøyvernssenter, Hardanger folkemuseum, Ingebrigt Vik museum, Kvam bygdemuseum, Kunsthuset Kabuso og Voss folkemuseum. Hardanger og Voss museum er organisert i fem bemanna avdelingar og har samarbeidsavtalar med stiftingane Hardanger folkemuseum, Agatunet og Hardanger fartøyvernssenter, samt museumslaget Voss folkemuseum, som alle eig dei fleste bygningane ved musea. Samarbeidspartane har plass i rådet ved museet.

## Føremål

Museet skal driva innsamling, bevaring, forskning og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid. Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekk skal museet vera med på å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsminne skal museet vera ein open møtestad der alle er velkomne til å studera, oppleva og finna utfordringar. Museet yt fagleg hjelp i museums- og kulturminnespørsmål til kommunar og frivillige i regionen. Hardanger og Voss museum driftar eit nasjonalt senter for fartøyvern og eit kunsthus som er tusenårsstaden i Hordaland.

## Aktivitet

Hardanger og Voss museum vart i 2019 læringsarena for bygningsvern. Dette kom i stand som eit samarbeidsprosjekt med Hordaland fylkeskommune og Fagskolen i Hordaland. Læringsarenaen vart etablert i øvste del av Kulturnaustet på Hardanger fartøyvernssenter i Norheimsund og tok imot dei fyrste elevane i august 2019.

Det har og i 2019 vore lagt ned eit stort arbeid i Hardanger og Voss museum med å førebu den komande regionsreforma. Hardanger og Voss museum vert påverka av reforma og har i løpet av året delteke i møteverksemd på ulike forvaltningsnivå.

Ved Voss folkemuseum har arbeidet med ny basisutstilling teke til. Etter planen skal utstillinga opnast i 2021.

Den freda ferja MF Folgefonn har sidan 2018 vorte restaurert ved Bredalsholmen Dokk og fartøyvernssenter. Riksantikvaren er samarbeidspart i prosjektet og framdriftsplan avheng av årlege beviljingar.

Hardanger og Voss museum har per 1.1.2019 fusjonert med stiftinga Herand Aktiesagbrug.

## Styrande organ

Styret hadde ni møte i 2019 der dei handsama 62 saker. Rådet hadde ikkje møte i 2019.

I løpet av 2019 har det skjedd fylgjande endring i museet sine styrande organ: Styreleiar Bjørn Christensen gjekk ut av styret per 2.9.2019 og nestleiar Sigrid Brattabø Handegard gjekk inn som fungerande styreleiar frå same tid. Fyrste vara medlem Anne-Sofie Lutro gjekk på same tid inn som styremedlem.

Styret takkar avgått styreleiar for verdifull innsats for museet.

## Personale

I 2019 vart det utført totalt 61,7 årsverk, medrekna seks lærlingar. Totalt 193 personar var knytt til museet og fekk lønsutbetaling i løpet av året. I tillegg til dei faste tilsette har det vore engasjert sommarvikarar, prosjektilsette, volontørar og personar som har hatt arbeidstrening.

Det er ei jamn fordeling av kvinner og menn i museet, men fordelinga er ulik i dei mange yrkesgruppene. Kvinner

er i hovudsak tilsett i akademiske og merkantile stillingar. I styret var fire av sju kvinner. I leiargruppa var fire av seks kvinner.

Hardanger og Voss museum diskriminerer korkje tilsette eller besøkande i høve til alder, kjønn, funksjonshemming, religion, kulturell bakgrunn eller seksuell orientering.

## Helse, miljø, tryggleik (HMT)

HMT-målsetjinga til museet er at det skal vera eit helsefremjande og inkluderande arbeidsmiljø der ingen vert skadde eller sjuke som følgje av arbeid eller arbeidsmiljø. Hardanger og Voss museum er medlem i Bedriftshelse1. Museet har eit felles arbeidsmiljøutval (AMU) og er delt i tre verneområde som alle har egne verneombod. AMU hadde fire møte der dei handsama 30 saker. Gjennom heile året vart det gått 11 vernerundar. Bedriftshelse1 har i 2019 vore leigd inn for å gjennomføre risikovurdering av kjemisk helsefare ved Hardanger fartøyvernssenter.

Det var i 2019 fire arbeidsulukker ved museet, alle ved Hardanger fartøyvernssenter. Sjukefråveret i 2019 var 6,3 %, ein auke frå 4,3 % i 2018.

Hardanger og Voss museum har ikkje skada eller påverka det ytre miljøet negativt. Alle tiltak og planar vert vurderte ut frå prinsippet om universell utforming.

## Miljøfyrtårn

Hardanger og Voss museum vart godkjend som miljøfyrtårn i 2011.

Museet vart re-sertifisert som Miljøfyrtårn i 2017. Det er ikkje avdekka tilhøve som kan medføre ein ikkje ubetydeleg påverknad av det ytre miljø.

### Økonomiske tilhøve

Årsrekneskapen til Stiftinga Hardanger og Voss museum er avlagt etter norske rekneskaps-standardar og god rekneskapskikk for øvrige føretak. Årsrekneskapen er avlagt under føresetnad om fortsatt drift. Dette på basis av budsjettet for 2020 som inkluderer tildelte driftstilskot på 32,1 millionar kroner. Hardanger og Voss museum er del av det nasjonale museums-, kunst- og fartøyvernfeltet og får årleg driftstilskot frå Kulturdepartementet, Miljøverndepartementet, Hordaland fylkeskommune og lokale kommunar. Museet har i tillegg stort fokus på eigeninntening.

Årsresultatet for 2019 var -1,2 millionar kroner mot 2,5 millionar kroner i 2018. Driftsresultatet i 2019 var -1,2 millionar kroner mot 2,4 millionar kroner i 2018. Driftsinntektene i 2019 vart redusert med 12,2 millionar kroner frå 2018, medan driftskostnadene vart redusert med 8,5 millionar kroner frå 2018. Salsinntektene vart redusert med 5 mill. kroner og tilskot og gåver med 7,2 mill. kroner. Hovudårsaka til endringa i tilskot og gåver var restaurering av den freda ferja MF Folgefonn, der totalt 5,7 mill. kroner var inntektsført som prosjekttilskot i 2018 med tilsvarande restaureringskostnad. I 2018 var det i tillegg 2 mill. kroner i prosjekttilskot til ombygging av 2. etasje på Voss folkemuseum, med tilhøyrande kostnadsside. Årets endring i pensjonsforplikting var 1,3 mill. kroner per 31.12.19 og medførte ein ekstra

kostnad for museet.

Museet har motteke gåveforsterking på 36.550 kroner i 2019 til prosjektet ny basisutstilling ved Voss folkemuseum.

Den framtidige pensjonsforplikting var per 31.12.2019 aktuarberekna til 11,9 millionar kroner mot 10,6 millionar kroner på same tid i fjor. Ved utgangen av året var eigenkapitalen 12,0 millionar kroner mot 13,1 millionar kroner på same tid i fjor.

### Disponering av årsresultat

Årsresultatet for 2019 utgjorde -1,212 millionar kroner mot 2,489 millionar kroner i 2018. Årsresultatet vert disponert frå anna eigenkapital.

### Sentrale risiko og usikkerhetsfaktorar

Hardanger og Voss museum har ein svak eigenkapital i forhold til omfanget av drifta og framtidig pensjonsforplikting. For å møta den langsiktige forpliktinga må museet generera overskot framover eller få tilførsel av kapital frå stiftarane. Omfanget av drifta avheng av størrelsen på offentlege tilskot og museet si eiga evne til eigeninntening. Endringar i rammevilkåra frå det offentleg vil påverke museet si evne til å levera i tråd med samfunnsoppdraget. Det er betydeleg usikkerhet knytt til vurderingar av framtidige tilhøve.

### Finansiell risiko

Risikostyring og internkontroll står sentralt i Hardanger og Voss museum si styring av verksemda. Hardanger og Voss museum er eksponert mot marknadsrisiko i form av oppdragsmengde innan bygningsvern og fartøyvern samt antal besøk. Museet skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar for å sikre tilførsel av relevant kompetanse

og for å vidareutvikle gode opplevingar for både oppdragsgjevarar og besøkjande.

Museet er eksponert mot endringar i rentenivået i form av langsiktig lån og avkastning på likvide midlar på bankkonto. Museet er avhengig av årlege offentlege bevillingar. Museet er liten grad eksponert mot endring i valutakursar.

### Kreditt og likviditetsrisiko

Risiko for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forplikningar vert vurdert som låg. Historisk sett har det vore små tap på krav.


Likviditeten i 2019 har vore god. Likviditetsgrada var tilfredsstillande per 31.12.2019, men bør betre seg for å kunne møte framtidige investeringsbehov.

Kontantstrømoppstillinga viste positivt bidrag frå operasjonelle aktivitetar på 9,7 millionar kroner mot -6,8 millionar kroner i 2018. Investeringsaktivitetane var i hovudsak finansierte med tilskot frå samarbeidspartar. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar var -3,4 millionar kroner mot -1,8 millionar kroner i 2018. Finansieringsaktivitetane var dels finansierte av tilskot frå samarbeidspartar. Netto kontantstrøm frå finansiering aktivitetar var -1,3 millionar kroner mot -0,3 millionar kroner i 2018.

### Takk

Styret ynskjer å rette ein takk for alle gåver til museet i 2019. Me er og svært takksame for engasjementet dei frivillige og tilsette ved museet legg ned. Me vonar at det gode samarbeidet kan halda fram i åra som kjem.

Norheimsund, 25. februar 2020




Sigrid Brattabø Handegard  
Fungerande styreleiar




Anne-Sofie Lutro  
Styremedlem




Brit Aksnes  
Styremedlem



Toralv Mikkelsen  
Styremedlem



Agnete Sivertsen  
Styremedlem



Asbjørn Tolo  
Styremedlem



Alexander Günther  
Styremedlem



Randi Bårtvedt  
Direktør



«Ridande vossabrudlaup» av Gudleik Brekklus vart henta fram att og stilt ut som ein del av utstillinga «Musea dansar». Foto: Kjell Herheim

# Administrasjonen si årsmelding 2019

## Høgdepunkt og større oppgaver i 2019 (HVM)

### Læringsarena bygningsvern opna og teken i bruk

HVM signerte i september 2018 ein intensjonsavtale med Hordaland tekniske fagskole om samarbeid. Skulen fekk kort etter godkjent nytt studium, «Klassisk bygningshandverk og restaurering». Ein ny utdanningsverkstad som læringsarena måtte dermed byggjast ved Hardanger og Voss museum. Ca. 1,7 millionar kroner er gitt i tilskot frå Hordaland fylkeskommune og HVM har nytta ca. kr 160 000 av egne midlar.

På under eitt år stod lokala klare til opning ved statssekretær Sveinung Rotevatn den 19. juni 2019. Fagskuletilbodet starta i opp august med 15 studentar frå heile landet. Dette er eit nytt og spanande tiltak der HVM får eit samarbeid med fleire kompetansmiljø og verksemder både i region Vestland og nasjonalt.

### Ny basisutstilling og oppgradering av museumsbygget – Voss folkemuseum

I 2018 løyvde Kulturdepartementet 4 mill. kroner til prosjektet, fordelt på 2019 og 2020. Heile prosjektet har ei ramme på 14,1 mill. kroner. Arbeidet med oppgradering av andre høgda i samlingsbygget vart fullført våren 2019. Voss folkemuseum har no fått svært gode lokale. Museumslaget ved Voss folkemuseum løyvde midlar til oppgradering av kjøkkenet i 2019.

Hordaland fylkeskommune løyvde kr 400 000 og HVM sette av kr 100 000 til utstillinga i 2019. Då manglar ein om lag 2 millionar kroner i høve budsjett på 14,1 millionar kr. HVM arbeidde vidare med romløyving og utforming, og lyser prosjektet ut på Doffin tidleg i 2020. Den nye basisutstillinga vert opna i juni 2021.

### «Tett på» (generalplan for Hardanger fartøyvernssenter)

«Tett på» er ein generalplan for utvikling av HFS med restaureringsverkstader, maritimt museum og uteområdet. I 2019 godkjende Kulturrådet prosjekt «Kulturnaustet» (tidlegare ICA-bygget) ved HFS for ny bruk som kulturbygg/museum med læringsarena for bygningsvern, filmsal, stort utstillingsareal, kafé og museumsbutikk. Det betyr at HVM kan søkja midlar frå ordninga Nasjonale kulturbygg. I 2. høgda er det planlagt kontorareal, bibliotek, arkiv og garderobar. HVM arbeidde i 2019 vidare med detaljprosjektering som er utført av sivilarkitekt Solveig Valland m fl. med økonomisk stønad frå fylkeskommunen. Sparebankstiftinga Hardanger gav i 2019 tilsegn om ei større løyving til prosjektet.

HVM arbeider vidare med finansiering. Totalbudsjettet er på kr 100 millionar for dette store løftet av det nasjonale Hardanger fartøyvernssenter.

### Bygging av riggverkstaden

I 2019 vart reipslagar tilsett i fast stilling som dels reipslagar og dels riggar. Gjennom fleire store riggoppdrag dei siste åra såg HVM trong for å etablere eigen verkstad til riggarbeid. Riggverkstad er no etablert i enden av reiparbanen (sjøhuset). Det har og vore studietur til Kristiansund for å undersøkje om det er råd å produsere reip der som samarbeidsprosjekt. I dag vert slike store oppdrag gjort i Sverige. Riksantikvaren støttar utvikling av riggverkstad ved Hardanger fartøyvernssenter.

### Restaurering av nordlandsjekta «Anna Karoline»

I 2018 starta oppdraget med restaurering av nordlandsjekta «Anna Karoline» ved Nordlandsmuseet i Bodø. «Anna Karoline» utgjer hovudattraksjonen på det nye jektefartsmuseet. Dette var eitt av dei største prosjekta første halvår 2019, og vart avslutta i denne omgang med opprigging. Grunnlaget for arbeidet var omfattande undersøkingar av kjelder, både med omsyn til skrog og rigg. Nordlandsmuseet var svært nøgd med samarbeidet og resultatet. HVM var til stades då jektefartsmuseet opna 22. juni 2019.

### MK «Fremad II»

MK «Fremad II» er det største restaureringsprosjektet HFS har hatt i 2019. Dette er eit omfattande og komplekst prosjekt. Det er dermed òg eit prosjekt som tilfører HFS mykje kompetanse. I 2019 har det kome eit godt stykke vidare og ein ser no føre seg sjøsetjing i 2020 og ferdigstilling i 2021, under føresetnad av løyvingar til prosjektet.

### Kyrkjebåtregistreringar og formidling av kyrkjebåten

#### «Signe»

Småbåtverkstaden har i 2019 gjort ei omfattande registrering av klinkbygde båtar som finst i naust i Hardanger. Målet var i første omgang å skaffe ein oversikt over kyrkjebåtar, men ein ser at det er stor trong for at eigarar held båtene og naustmiljøa ved like då det er ein rik tradisjon med bruk båtar som framkomstmiddel i regionen.

Tiæringen «Signe» vart bygd våren/sommaren 2018 i småbåtverkstaden ved HFS og er ei gåve til folkehøgskulen til bruk i friluftslivsundervisninga deira. HVM ynskjer å bidra til ein auka bruk av store robåtar i Hardangerfjorden og at ungdom lærer å ro og får kjennskap til trebåttradisjonar. I 2019 er det oppretta venegruppe for «Kyrkjebåten Signe» på FB. Båten deltok i jubileumsarrangement på Grimo kai i juli 2019 der og direktør ved Kulturminnefondet var gjest. Det er oppretta tilbod for turistar og andre til å nytta båten i sommarmånadane.

### Fusjon mellom Stiftinga Herand Aktiesagbrug og HVM

HVM fusjonert i 2019 med stiftinga Herand Aktiesagbrug. Søknaden vart godkjend av Lotteri- og stiftelsestilsynet i februar. Oppgangssaga i Herand (Jondal kommune) vart freda i medhald av lov om kulturminner i 1986 og frå 2002 har saga vore i drift. I 2018 vart det inngått ein vedlikehaldsavtale og bruk av saga mellom eigar Marine Harvest Norway AS og HVM. Det vart gjort ein del vedlikehald på saga i 2019.



Herand Aktiesagbruk. Foto: Silje Ensby

### Samarbeidsavtale mellom HVM og UiB om forskning og formidling av mellomalder, rettssoge og Agatunet 2017–2019

HVM og Universitetet i Bergen, Juridisk fakultet, undertekna i 2017 ein samarbeidsavtale om forskning og formidling knytt til mellomalder og rettssoge i Agatunet. Lagmannsstova i Agatunet er datert til 1220-1230 og er eit sentralt kulturminne og formidlingsstad knytt til vår første statsdanning. Ei ekstraløyving frå Ullensvang herad for 2018 og 2019 på til saman 260.000 kroner gjorde dette verdfulle samarbeidet mogeleg. I 2019 har professor Jørn Øyrehagen Sunde halde fram arbeidet med formidling og forskning på rettssoaga knytt til Agatunet. I august 2019 arrangerte HVM i samarbeid med Baroniet i Rosendal og Øyrehagen Sunde eit forskarseminar om skotsk – norske relasjonar. Det legg grunnlaget for eit nytt, spanande internasjonalt samarbeid framover. Foredraga skal gjevast ut som bok i 2020. Seminaret var støtta av Hordaland fylkeskommune.

### Arkiv og bibliotek ved Hardanger fartøyvernssenter

Målet om eit dokumentasjonsenter innan fartøyvern har kome eit steg vidare. Det digitale fotoarkivet ved Hardanger fartøyvernssenter er langt på veg lagt inn i eit arkivsystem som er basert på søkbar tekst (metadata). Slik blir det langt enklare å finna tilbake foto som er arkivert. Systemet vert òg nytta til dokument i pdf-format.

Fagbok-samlinga er på omkring 1500 titlar og vert lagt inn i biblioteksystemet MicroMarc i samarbeid med Kvam folkeboksamling. Arbeidet vart påbyrja i 2019 og held fram i 2020. Prosjektleiaren vart tilsett i fast stilling for å følgja opp arkiv- og bibliotektenesta ved HFS.

Eit pilot-prosjekt går ut på å digitalisera arkivmateriale som eigarane av MS «Granvin» har samla inn og avlevert. Røynslene frå dette prosjektet skal nyttast til å sikra historisk kjeldemateriale om dei verna og freda fartøya.



### **Hardingfela.no med nyskapande kulturskuletilbod for 4–6 åringar**

Hardingfela.no er frå 2015 drive i partnerskap og i spleiselag mellom Ole Bull akademiet på Voss og HVM. Den treårige dansesatsinga Bygda Dansar starta endeleg i Hordaland i 2019. Hardingfela.no gjennom «Folkedans i Hordaland» la grunnlaget for at Hordaland vart vald ut som arena av Senter for folkemusikk og folkedans i Trondheim.

Fritidstilbodet «Nøringen» vart ein suksess og dei fleste kommunane valde å halda fram med tilbod innan kulturarv for 4-6 åringar i kulturskulane. HVM vonar at også Ullensvang kommune kjem med vidare i 2020. Nøringenborna i Granvin song for Kongen og Dronninga i juni, og 15.oktober vart Nøringenborn inviterte til å underhalda i Håkonshallen under den høgtidelege konstitueringa av Vestland fylke.

«Nøringen» er eit nyskapande kulturskuletilbod for 4-6 åringar i regi av Hardingfela.no med tema kulturarv, folkemusikk og folkedans og historieforteljning tett på nærmiljøet og i museumstuna. Det er lagt ned mykje arbeid frå ide til gjennomføring og finansiering ved Hardingfela.no. Alle kulturskulane i Hardanger og Voss er med i 2019. Attåt får alle barnehagane i Odda og Jondal besøk 4 gonger kvar og lærer om folkemusikk og folkedans. 15 lærarar er med på satsinga og 80 påmelde born. «Nøringen» har fått god merksemd i media og er presentert for andre som jobbar med folkemusikk og rekrutteringsarbeid. Eit «Nøringen-tilbod» er oppretta i Oslo i 2019 inspirert av vår satsing.

### **Granvin bygdemuseum fekk kongebesøk i 2019**

Dette året var den store hendinga i Bygdatunet kongebesøket 19 juni. Her tok heradet imot kongeparet og presenterte litt av det bygda har å by på av ulike aktivitetar. Nøringeborna var eit sjarmerande innslag. Spelemannen Alexander Aga Rønstrand spela hardingfele og fortalde om spelemenn. Svært mange nytta høvet å vera til stades i bygdatunet denne dagen.

### **Digital formidling, sosiale media og ny nettside HVM**

HVM har laga eit konsept målretta for publisering på Instagram og Facebook. Hardanger fartøyvernssenter er Norges største museum på Facebook og har no 174.000 fylgjarar. Satsing på å nytta sosiale media gjer både museet og tenestene våre meir synlege og er ein effektiv måte å driva formidling på. Gjennom delingar, kommentarar og «likes» er våre digitale gjester med på å spreia kunnskap og engasjement rundt dei tradisjonelle handverksfaga.

I år har 4,1 millionar sett reipslagarane våre laga tau av tjæra hamp med utdrivarteknikk; 200.000 sett skipssmeden Seppe smi beslag til Nordlandsjekta «Anna Karoline» og 180.000 har sett Peter båtbyggjar laga vestlandsårer. Ein instruksjonsvideo om driving og beking av dekk er litt ein lengre video tettpakka med praktisk og teknisk informasjon, men som også er interessant å sjå for eit ufaglært publikum. Denne har blitt sett 345.000 gonger på Facebook, og vitnar om ei stor interesse for fagleg innhald.

Arbeidet med nye nettsider for Hardanger og Voss museum starta våren 2018 med Glynt AS i Øystese som leverandør. Dei nye sidene vart lanserte frå februar 2019 og er sette opp på norsk og engelsk. Portalen hardangerogvossmuseum.no peikar vidare til eigne nettsider for åtte besøksstader pluss prosjektet Hardingfela.no.

Nettsidene har som hovudføremål å presentera tilboda ved dei ulike besøksstadane og invitera publikum til å oppleve desse. Sjå [www.hardangerogvossmuseum.no](http://www.hardangerogvossmuseum.no)

### **Bornas Kabuso. Kunst og filmklubb**

«Bornas Kabuso. Kunst og filmklubb» vart i mai 2019 kåra til «Årets barnefilmklubb» av Norsk filmklubbforbund. Han er oppretta for å styrka tilbodet og formidlinga av kunst retta mot born utanom skuletid. Ein gong i månaden vert det invitert til eit samansett program med hovudvekt på visning av animasjonsfilm og verkstadaktivitetar. Bornas Kabuso hadde i 2019 fire arrangement gjennom våren og fem i haustsesongen. Totalt besøkte 535 (inkludert vaksne) arrangementa. 132 born kjøpte i 2019 medlemskap i klubben. Fire av arrangementa hadde hovudfokus på kunstverkstad der fleire av aktivitetane var inspirert av utstillingane på huset.

### **Regionreforma**

HVM la i 2019 ned stor innsats med å førebu museet for den komande regionreforma. HVM vert som mange påverka av reforma og har gjennom året teke del i møteverksemd på ulike forvaltningsnivå. HVM har og svara på omfattande undersøkingar frå kulturdepartementet og kulturrådet om musea. HVM har levert inn svar i ei undersøking om tilstandsnivået på dei 133 kulturhistoriske og freda bygga som HVM forvaltar. Ny stortingsmelding om kulturminnevern kjem i 2020 og om museum i 2021.

### **Takk til tilsette, samarbeidspartar, tilskotsytarar og frivillige for stor innsats i 2019**

2019 vart eit aktivt og lærerikt arbeidsår for Hardanger og Voss museum med stor breidde i arbeidet, høg aktivitet og nyskaping. Museet gjennomførte store oppdrag og prosjekt i tillegg til den ordinære drifta. Det var mykje arbeid med å følgja opp undersøkingar frå styresmakter og til oppfølging av handlingsplanar etter arbeidsmiljøundersøkinga i 2018.

Alt dette hadde ikkje late seg gjera utan den store innsatsen til våre dyktige tilsette. Eg vil få retta ei stor takk til dykk alle. Eg vil og få retta ei stor takk til eigarstyra i avdelingane våre, valde representantar i museet sine styrande organ, samt offentlege og private tilskotsytarar, samarbeidspartar, lag og organisasjonar og frivillige for godt utført arbeid og samarbeid til beste for kulturarv og kunst og drifta av Hardanger og Voss museum.

*Hardanger og Voss museum, 17.02.2020*

*Randi Bårtvedt, direktør*

# FAGLEG AKTIVITET I AVDELINGANE

Dei fire sentrale arbeidsområda for norske museum er forvaltning, forskning, formidling og fornying. For HVM er i tillegg fartøyvern eit sentralt område. Årsmeldinga for 2019 er bygd opp rundt desse områda. Fornyng er ein føresetnad for all aktivitet i verksemda. HVM har systematisk og over lang tid satsa på immaterielt kulturminnevern (handlingsboren kunnskap) og ivaretaking av tradisjonshandverk. Her er merkjer HVM seg ut også nasjonalt.

HVM satsa i 2019 vidare på profilering og formidling via sosiale media. Digitale gjester betalar rett nok ikkje inngangspengar, men ved delingar, kommentarar og «likes» er dei med å spreie kunnskap og engasjement rundt dei tradisjonelle handverksfaga, kunst og kulturarv. Det er og god marknadsføring som me veit fungerer. Nye nettsider for Hardanger og Voss museum vart lansert i februar 2019. Prosjektet har involvert alle avdelingane og er ei klar forbetring på å nå mange via internett. Hardanger folkemuseum har fått konto på Instagram. Agatunet sin har vore i drift lengre. Folkemusikkarkivet har fått eiga side på Facebook. I 2019 vart HVM meld inn i Norsk publikumsutvikling og hadde kurs med dagleg leiar i august med vurdering av HVM. Fleire frå HVM deltok på Norsk publikumsutvikling sin årskonferansen i november.

HVM kan visa til høg aktivitet heile året innan fartøyvern, bygningsvern og med ferdigstilt oppgradering av museumsbygget på Voss. Meir midlar trengst til nødvendig opprusting av fleire av våre museumsbygg frå 1970- og 80-talet. HVM har i 2019 starta arbeidet med å finna ut kva tiltak som må gjerast og kva det kostar. Det er kjøpt inn eit FDV-program som eit verktøy for å effektivisera arbeidet med det daglege vedlikehaldet på bygg HVM forvaltar. Det er tatt i bruk ved Hardanger fartøyvernssenter, Herand sag og Kvam bygdemuseum. Det er og kjøpt inn program for registrering av kjemikaliar og lagt inn data om kjemikaliar nytta ved HVM. Det er bestilt måling av støy og støv ved verkstader i alle avdelingar i 2019 som ein følgje av Arbeidstilsynet si undersøking og pålegg til Hardanger fartøyvernssenter.

HVM er medlem i Bedriftshelse1. Museet har eit felles arbeidsmiljøutval (AMU). AMU gjorde i 2018 vedtak om ei arbeidsmiljøkartlegging. Etter kartlegginga vart det utarbeida avdelingsvise handlingsplanar som vart følgde opp også i 2019. Bedriftshelse1 bidrog i fleire undersøkingar som resulterte i rapportar i 2019 om arbeidsmiljøet i ulike avdelingar. Dette gjev eit godt grunnlag for vidare arbeid med å utvikla arbeidsmiljøet i vårt konsoliderte museet.

Ei arbeidsmiljøundersøking skal etter planen gjennomførast på nytt i 2020. Den årlege HMT-dagen i oktober gav opplæring i Ros-analyse ved Bedriftshelse1. Alle avdelingane var involvert ved praktiske døme.

Det har vore eit aktivt samarbeid mellom Hardanger og

Voss museum og Bedriftshelse1 i 2019. Det er arbeid med Arbeidstilsynet sine pålegg på fartøyvernssenteret og ulike organisatoriske og psykososiale saker. Pålegga har sett fokus på både kjemisk helsefare og systematisk HMT-arbeid. Det blir viktig å halda oppe innsatsen og merksemda kring systematisk HMT-arbeid framover for å skapa eit stabilt og godt arbeidsmiljø for alle.

## Oppfølging av planarbeid i 2019

*Dei overordna måla for HVM i planperioden er:*

1. HVM skal tena samfunnet gjennom god forvaltning, forskning og formidling.
2. HVM skal vera ei samla verksemd med klare faglege retningslinjer. Besøksstadene skal vera tilgjengelege med kunnskapsbasert formidling.
3. HVM skal vera ein tydeleg samfunnsaktør ved å vera aktuell, relevant og med fokus på fornying.

*Barn og unge skal vera ei prioritert målgruppe. HVM er og sertifisert som miljøfyrtårn.*

«Strategiplan 2018 - 2022 Hardanger og Voss museum» er det overordna styringsverktøyet. Planen skal sikra god fagleg utvikling og målretta og effektiv drift av museet. Strategiplanen legg rammene og definerer museet sine rollar og oppgåver utifrå gjeldande nasjonale og regionale retningslinjer og våre prioriteringar. Visjonen til HVM er «Gode opplevingar å bryna seg på» og skildrar det viktigaste verksemda vil oppnå.

Som ledd i arbeidet med oppfølging og iverksetting av strategisk plan, vart det gjennomført personalsamling for alle tilsette 7.-8. januar 2019. Målet med samlinga var å involvera medarbeidarane i arbeidet med å konkretisera hovudelementa i strategisk plan. Arbeidet gjekk føre seg som gruppearbeid og i plenum. Rådgjevar Arne Selvik var med i planlegging av samlinga og i gjennomføringa. Tre hovudtema vart drøfta:

- Verdiane: Raus, Engasjert, Tillit, Trygg.
- Eigeninntening og sal.
- Produktutvikling og målgrupper.

Arbeidet resulterte i ein idébank frå tilsette og eit oppsummeringsnotat med råd frå Selvik for iverksetting av strategisk plan:

*«Med utgangspunkt i den utadrettede visjonen «Gode opplevingar*



Registrering av hardangerbåtar og naustmiljø, her frå Nordrepollen. Foto: Lars Arvid Oma

«å bryna seg på» og dei interne verdiane «Rett, raus, engasjert, trygg og tillit» kan det være klokt å styrke det interne samspillet mellom personer, grupper og avdelinger i Hardanger og Voss museum.»

HVM sette i 2016 ned ressursgrupper med mandat å utvikle felles delplanar og å vera fagforum på tvers av avdelingar i det konsoliderte museet. Tre felles delplanar i HVM ferdig: Forskingsplan, formidlingsplan og plan for samlingsforvaltning.

I 2018 fekk HVM laga ein felles sikringsplan for bygg og samlingar med tilskot frå Norsk kulturråd. Det er naudsynt med ein slik plan for alle museum og den gir høve til å søkja om midlar frå Norsk kulturråd. Planen er i 2019 følgt opp med fordeling av oppgåver avdelingsvis. HVM søkte og fekk midlar i 2019 til ferdig sprinkling av Mølstertunet. Sikring av museumsbygget på Utne mot lekkasje i vegg fekk ikkje tildelt midlar då dette ikkje fell inn under kriteria for sikring, men blir sett som vedlikehald. Det ekstreme veret med store mengder nedbør og sterk vind samstundes, gjer at dei mange bygga våre er meir utsette enn før. Det trengst meir midlar til forsømt vedlikehald på dei kulturhistoriske bygga og til utvikling av museumsbygga våre.

Byggforvaltningsplan, forvaltningsplan for immaterielt kulturminnevern og handverk er påbyrja, men ikkje ferdig. Målet er å få dette gjort i 2020. Hordaland fylkesting tildelte i 2019 kr 200 000 i midlar til å utgreia fagplan for fartøyvern innan høgare utdanning.

Rullering av Kompetanseplan (2015 -) er i gang og vert ferdig i 2020. Leiargruppa drøfta i samband med budsjett 2020 å oppretta ei felles prosjektstilling for konservator med ansvar for samlingsforvaltning. Denne trengst for å få betre

oversyn over samlingane med forslag til betre oppbevaring og for kassasjon. Det vart levert tekstilar/bunadsplagg til undersøking ved Fellesmagasinet på Salhus frå Hardanger folkemuseum i 2019. Fleire stillingar nemnt som behov i planen er komne på plass, som for eksempel stilling for marknadsføring og for webredaktør, og stilling for å ivareta bibliotek og arkiv ved fartøyvernsenteret.

HVM har frå administrasjons- og økonomileiarstillinga vart ledig frå september 2019 mangla ein vesentleg ressurs innomhus. Dette påverkar framdrift i alt administrativt arbeid og leing ved museet som er krevjande i eit konsolidert museum der administrasjonsoppgåver er aukande og naudsynt i høve til å vera ein profesjonell institusjon. Tenester som økonomileiar og styresekretær vart også i 2019 kjøpt inn eksternt og er ei ordning som gjeld inntil vidare. Direktør foreslo i 2019 for styret at prosess omkring mulige organisasjonsendringar i det konsoliderte HVM startar opp. Røynsler frå andre konsoliderte museum viser at det trengst ressursar til kjøp faghjelp til slike prosessar som det er gjort i andre konsoliderte museum i Vestland. Eigarstyret for Hardanger fartøyvernsenter gjorde i 2019 vedtak om å få vurdert nedlegging av eigarstyret. Styret sette ned ei nemnd som skulle gjennomgå vedtekter og samarbeidsavtaler for heile HVM. Arbeidet er starta opp og går vidare i 2020.

#### **Kulturminneplanar i kommunane, bygningsvernkonsulenten, kulturminnevern**

Fleire kommunar i Hardanger og Voss skal laga eller oppdatert sine kulturminneplanar. HVM ved direktør har i 2019 hatt møte med fleire av kommunane i Hardanger om dette. HVM deltok i 2019 i arbeidsgruppa for Kulturminneplan for Eidfjord kommune. Planen er ein temaplan som skal ut på høyring tidleg i 2020.

Ullensvang herad hadde diverre ikkje kapasitet til å laga ny kulturminneplan i 2019 som planlagt før kommunesamanslåinga. Det same gjeld Voss herad.

Kulturminneplanen for Kvam herad er vedtatt og er følgt opp med fleire tiltak i 2019, mellom anna restaurering av båtbyggjarverkstaden i Holmsund saman med grendalaget. Kommunen eig Holmsund og her kan ein sjå for seg fleire høve til vern gjennom bruk av dei kulturhistoriske bygningane for fastbuande og besøkjande.

Bygningsvernkonsulenten i Hardanger er tilsett i Hardanger og Voss museum. Ho gjer ein stor innsats innan bygningsvern og byggeskikk i regionen. Ho gjev råd til private og kommunar om restaurering og hjelper med søknader om tilskot til verneverdige og freda bygg. Bygningsvernkonsulenten held og kurs og følgjer opp mange i regionen når restaurering av kulturhistoriske bygg vert utført.

Ordninga med bygningsvernkonsulentar var etter 10 år til evaluering i fylket i 2018. Det er laga ein rapport ved NIKU som ikkje er følgt opp enno. HVM har hatt bygningsvernkonsulent frå år 2000 som òg har fylkeskommunale oppgåver innan kulturminnevern og rådgjeving. Det er ei glimrande ordning for alle partar og døme på korleis museet kan delta i «spleiselag» på ei stilling.

HVM har lenge prioritert og satsa tungt på immaterielt kulturminnevern og tradisjonelle handverk. HVM ved Hardanger fartøyvernssenter er godkjent lærlingbedrift innan tre små tradisjonsfag. HVM driv kursverksemd innan alt frå tekstilfag, folkemusikk, bygningsvern og fartøyvern. HVM har arbeidd systematisk og målretta med kurstilbod over lang tid i eit nært samarbeid med friviljuge, lag og organisasjonar og ulike kompetansmiljø. Våre handverkarar vert oppmoda om å ta vidareutdanning. I 2019 var ein av våre tilsette student ved Teknisk fagskole i Hordaland og ein tilsett var student ved NTNU. HVM har ei stipendordning som kan bidra økonomisk til vidare- og etterutdanning for alle ved museet.

### **Regionreforma, kommunesamanslåingar og musea som samfunnsutviklar**

Kva følgjer får regionreforma for musea? Hordaland fylkeskommune og Sogn og fjordane fylkeskommune vert eit nytt fylke, «Vestland», frå 2020. Kommunegrensene i vår region er i endring gjennom reforma. Granvin og Voss slår seg saman til Voss herad. Ullensvang, Jondal og Odda slår seg saman til Ullensvang kommune. Frå 2020 vil museet sine avdelingar vera i færre kommunar. Tanken er at musea i Vestland skal styrkast for å vera samfunnsutviklar. Drifta av musea kan seiast å vera eit spleiselag mellom stat, fylkeskommune og kommunar. Det er viktig at desse tre saman arbeider med å finansiera og utvikla HVM. HVM prioriterer sterkt å vera aktive og engasjera oss i høve til premisser for kulturarven og musea som samfunnsutviklarar i Vestland.

HVM ynskjer å vera ein tydelegare samfunnsutviklar framover ved å vera enno meir tilgjengeleg og synleg. Stikkord her

er kulturarven som ressurs for kunnskapsoppbygging og identitet, verdiskaping og vern gjennom bruk. HVM ynskjer å vera ei aktiv kunnskapsverksemd og medspelar til reiselivet regionalt, nasjonalt og gjennom internasjonale samarbeid.

HVM har som dei andre konsoliderte musea gitt innspel til Kulturrådet på sju spørsmål (september 2019) som gjeld kva som er dei største mogelegheitene/utfordringane i eit nytt regionalt museumslandskap i Vestland: Kva er styrken i regionen, fagleg og temamessig? Korleis kan det strategiske og museumsfaglege samarbeidet i regionane styrkast på tvers av departements- og forvaltningsstrukturar? Korleis kan dei faglege museumsnettverka utvidast? Korleis stiller museet seg til at Noreg skal få ei museumslov med akkreditering av museum?

Direktør deltok saman med andre museumsdirektørar på studietur til Skottland i mars i regi av kulturministeren for å læra om skotske museum og «funding». Det betyr utvikling og finansiering av musea i samarbeid med private og næringslivet. Ein stor skilnad mellom skotske og norske ordningar er at Skottland nyttar lottomidlar til museumsfinansiering. Vi studerte og museum og reiseliv og attraksjonsbygging gjennom museumsbesøk og ved foredrag. Direktør HVM tok medan vi var i Skottland initiativ til eit møte med representant for HES (Historic Environmental Scotland) saman med museum i Vestland for å knyta strategisk nettverk. Dette vart seinare følgt opp med eit møte i Bergen med dei same deltakarane hausten 2019. Det er planlagt nytt møte i gruppa våren 2020 i Bergen.

Direktør deltok på Landsmøte for Norges Museumsforbund i april i Haugesund. Her held Tina Kjerland, HVM, foredrag om bruk av sosiale media ved HVM.

### **HVM deltar i følgjande nasjonale fagnettverk**

Nasjonal museumsnettverk for fiskerihistorie og kystkultur  
Nasjonalt museumsnettverk for tradisjonshandverk og bygningsvern  
Nasjonalt museumsnettverk for kunst, arkitektur og design  
Nasjonalt museumsnettverk for drakt og tekstil  
Nasjonalt museumsnettverk for musikk og musikkinstrument  
Fartøyvernssentrenes fellesråd

### **Andre nettverk/samarbeidspartar**

Visit Hardangerfjord AS  
Destinasjon Voss AS  
Næringshagen i Hardanger  
Ullensvang næringsforum  
Næringshagen på Voss  
Noregs husflidslag - styreverv  
Norsk kulturarv – styreverv  
Norsk publikumsutvikling  
Virke museums- og reiselivsnettverk



*Saman med kulturskulane og lokale spelemannslag starta hardingfela.no opp tilbod til 4–6 åringar med kulturarv som tema og folkemusikk og folkedans som den røde tråden. Tiltaket vårt kalla Noringen og har nådd nærare 100 born i Voss og Hardanger-kommunane kvar veke. Her er Noringengjengen på museumstunet Skredhaugen. Foto: Ingerid Jordal*

## Forvaltning

Samlingane ved musea skal tryggjast og takast best mogeleg vare på for ettertida. Dei skal gjerast tilgjengelege for publikum og forskning. Statlege føringar slår fast at det skal leggjast opp til gode sikrings- og bevaringsforhold for samlingane. I åra som kjem skal forvaltning av samlingane prioriterast høgare ved HVM. Museet har konkrete måltal for kva ein skal oppnå for å gjera dei tilgjengelege digitalt.

### Immateriell kulturarv – kurs, lærlingordning og kunnskapsutvikling

HVM prioriterer tradisjonelle handverksfag og folkemusikk. Dei maritime faga er fartøybyggjar, småbåtbyggjar, skipssmed, mekanikar, reipslagar og bestmann. Hardanger fartøyvernssenter er godkjent som lærlingbedrift innan smed-, reipslagar- og båtbyggjarfaget. Hardanger folkemuseum har eigen hardingfelespelar tilsett og er del av ei ordning med fylkesmusikar som vart innført tidleg i 1990-åra. Hardingfela.no er ei vidare satsing på folkemusikk i partnerskap med Ole Bull akademiet på Voss. I partnerskapen samarbeider vi om folkemusikk som hardingfela, folkedans, kveding og felebygging.

I 2019 kan dei tre partnerskapsprosjekta: Hardingfela.no, mellomalder- og rettshistorie og læringsarena bygningsvern visa til ein høg aktivitet og kreativitet. Samarbeidet med Teknisk fagskole i Hordaland frå 2019 styrkar vårt arbeid med byggeskikk og handverk i tømrarfaget. Alle partnerskapsprosjekta er suksesshistorier. HVM når her ut både regionalt og nasjonalt og får gode tilbakemeldingar.

Arbeidet vårt med immateriell kulturarv ligg ofte i skjæringspunktet mellom kunnskapsproduksjon, forskning og forvaltning. Gjennom aktiv bruk, kunnskapsinnsamling, formidling og undervisning sikrar HVM den immaterielle kulturarven for ettertida.

Gjennom evalueringa av fartøyvernssentra i 2018 vart det klart at ein skulle satse meir på vidareføring av handverk som ei kjerneoppgåve ved dei tre nasjonale fartøyvernssentra. Dette har ført til at ein del oppgåver som ikkje har vore så høgt prioritert dei seinare åra, no har blitt meir aktuelle. M.a. vert det no brukt meir ressursar på å dokumentera handverk, både gjennom å studere eldre handverksprodukt, verktøy, litteratur m.m. og gjennom eigen utøving. Slik vil vi få eit stadig større materiale som er grunnlag for vidareføring og forvaltning. I 2019 har HVM arbeidd spesielt med å dokumentera ulike teknikkar knytt til riggarfaget og reipslagarfaget. HVM har òg arbeidd med materialkunnskap knytt til dekksmaterial, stål og hamp. I samband med arbeid på DS Stord 1 sitt dekk, er det gjort undersøkingar om legging av tredekk på ståldekk.

Lærlingordninga er viktig både for å vidareføre kunnskap og rekruttering. Ikkje minst er det ein viktig del av samfunnsoppdraget å bidra til at ungdom kan få fullføre utdanninga si i læreverksemd. I 2019 har Hardanger fartøyvernssenter hatt fem lærlingar: Ein i reipslagarfaget, ein i smedfaget og fire i trebåtbyggjarfaget, der den eine er knytt til småbåtverkstaden.

Tilknytning til vidareutdanning for bygningsvernhandverkarar gjennom Teknisk fagskule og NTNU gjev òg nye perspektiv og auka kompetanse på forvaltninga av immateriell kulturarv, vidareføring av handverkskompetanse og opplæring.

Oppgangssaga i Herand er eigd av Marine Harvest Norway AS og har vore driven av Stiftinga Herand Aktiesagbrug. I 2019 har praktisk drift skjedd gjennom HVM ved fartøyvernavdelinga som eit prosjekt. Samanslåing av dei to stiftingane vart gjennomført formelt tidleg i 2019. HVM har laga driftsmodell for den freda oppgangssaga. HVM og eigar

Marine Harvest AS inngjekk i 2018 ein 10-årig avtale om drift og vedlikehald av saga. Saga fekk eit vedlikehaldsløft i 2019.

HVM er leiande i regionen på kurs i tradisjonshandverk. HVM arrangerer årlege verktøyseminar for museumshandverkarar og andre fagfolk. Tema i 2019 var sag. Det vart arrangert eit kurs i å laga årer i mai 2019. Det var populært og resulterte i 8 årepar.

Alt var gjort klart for kalksteinsbrenning i Agatunet i mai 2019 i samarbeid med Domkirkens restaureringsverksted og andre. Grunna brannfare gul i området vart prosjektet utsett til forholda ligg betre til rette og brenning om vinteren. Avgjerda var i samråd med Riksantikvaren si sikringsavdeling. Bygningsvernkonsulent leier arbeidet som er støtta av Riksantikvaren.

Ved Hardanger folkemuseum var det i 2019 gjennomført helgekurs i hardangersaum og saum av bringklutar. Hardanger folkemuseum har stor kunnskap innan folkedrakt og avdelingsleiar er medlem i styret for Noreg husflidslag.

HVM arbeidde i 2017 med innsamling av kunnskap om bygging og bruk av kyrkjebåtar i Hardanger. I 2019 har båtbyggjar og lærling ved småbåtavdelinga gjennomført eit større registreringsarbeid med oppmåling og vurdering av slike tradisjonsbåtar i Hardanger. I 2018 bygde HVM ein kopi av den gamle kyrkjebåten (tiæring) frå Lussand. Eit samarbeid med Hardanger folkehøgskule er i gang der ideen er at skulen bruker båten og at elevar får kunnskap om båtbyggjartradisjonar. Båten har fått eit venelag. Sjå Kyrkjebåten Signe på Facebook. Båten deltok i markering av den restaurerte dampskipskaien i Grimo og markering av 150 år med landhandel. Sjå [www.kulturminnefondet.no](http://www.kulturminnefondet.no) om Grimo trekai. I 2019 er det søkt om midlar til råsegl på båten og det er arbeid vidare med dokumentasjon av tradisjonelle robåtar i Hardanger. På fartøyvernssenteret fekk HVM ny lærling på storbåt og i smia.

Arbeidet med å dokumentera og restaurera brynesteinsverkstaden på Årekol ved Grimo er tatt opp att. Direktør i Kulturminnefondet, Simen Bjørgen, vitja brynesteinsverkstaden i juli 2019. På det meste hadde brynesteinsverkstaden produksjon på 14000 bryne av høg kvalitet pr. år. Søknad om kr 150 000 til tiltaket vart innvilga av Norsk kulturminnefond i 2019.



Frå verktøyseminar ved Hardanger fartøyvernssenter. Foto: Silje Ensby

## Arkiv og bibliotek

I den nye samlingsforvaltningsplanen prioriterer museet gjenstands- og fotoregistrering. HVM har eigen fotoarkivar og fotoregistrering var høgst prioritert innan samlingsforvaltning i 2019 både ved Hardanger folkemuseum og ved Voss folkemuseum. I kompetanseplanen vert det framheva behov for større satsing på samlingsforvaltning og arkiva ved HVM. Ny fast stilling for felles arkivar og for felles konservator er diverre ikkje på plass enno.

HVM starta i 2017 eit arkivprosjekt ved fartøyvernssenteret. Prosjektet er pilot for dei tre fartøyvernssentra med tilskot frå Riksantikvaren. Hardanger og Voss museum har som strategi for fartøyvernarbeidet å utvikla eit tenleg dokumentasjonssenter for fartøyvern. HVM skal og laga ei løysing for god, gjennomtenkt og realistisk gjennomførbar arkivering som sørgjer for å gjera dokumentasjonen tilgjengeleg og søkbar. I 2018 fekk om lag 130 000 digitale foto metadata knytt til seg. Prosjektet heldt fram i 2019. Det digitale fotoarkivet er langt på veg lagt inn i eit arkivsystem som er basert på søkbar tekst (metadata). Dette gjer det lengt enklare å finne tilbake foto som er arkivert. Systemet vert òg nytta til dokument i pdf-format.

Fagbok-samlinga er på omkring 1500 titlar og vert lagt inn i biblioteksystemet MicroMarc i samarbeid med Kvam folkeboksamling. Arbeidet vart påbyrja i 2019 og held fram i 2020.

Eit pilot-prosjekt går ut på å digitalisere arkivmateriale som eigarane av MS Granvin har samla inn og avlevera dette til eit profesjonelt arkiv. Røynselene frå dette prosjektet skal nyttast til å sikra historisk kjeldemateriale om dei verna og freda fartøya.

Voss folkemuseum har ei stor boksamling. Denne er ikkje godt nok registrert grunna at tilveksten har vore stor dei siste åra. I 2019 har ein bibliotekar vore i arbeid ved VFV, i ei stilling som dels har vore betalt av NAV. Samlinga vert registrert i programmet BiblioFil, programmet Voss bibliotek nyttar, og det er råd å søkja i samlinga vår frå nettsidene deira. Ved utgangen av året var om lag 2800 bøker registrert, det er om lag 15 % av samlinga. Ein brukte i tillegg tid på å rydda og grovsortera i bokhyllene, slik at det skal vera lettare å finna fram også i den delen av samlinga som ikkje er registrert.

Hardanger folkemuseum er medeigar i og forvaltar Hardanger folkemusikksamling, eit regionalt folkemusikkarkiv som inneheld om lag 7000 enkeltkutt med folkemusikkopptak, filmopptak med dans og spel frå Hardanger, notesamlingar, pathefon- og grammofonplater. Digitalisering av samlinga har hatt høg prioritet, slik at heile samlinga no er digitalisert. Ei 40 % stilling er sett av til dette. I 2019 vart arbeidet med å registrera samlinga i Fiol ført vidare. Folkemusikkarkivaren deltek og i eit innsamlings- og samtidisdokumentasjonsprosjekt saman med Hardanger spelemannslag. Det er arbeidd mykje med å gje ut cd med spel av meistarstemmannen Halldor Meland. Det blir vidareført i 2020.

Ein har ikkje kome i gang med registrering og digitalisering



Mølstertunet, Voss folkemuseum. Foto: Kjell Herheim

av samlinga ved Dagestadmuseet som HVM overtok i 2016. Samlinga inkluderer arbeid, teikningar og arkivmateriale etter treskjeraren og skulemannen Magnus Dagestad og Helena Dagestad.

Friviljuge i Ullensvang starta i 2016 med å samla inn privatarkivmateriale gjennom ei ny stifting, Lagsarkiv Ullensvang aust. Dei kjøpte hyllemeter hjå SINDARK i Odda. Laget heldt fram med innsamling og samarbeid med HVM i 2019. Dette er eit godt døme på eit fagleg samarbeid med friviljuge som resulterer i oppbevaring av privatarkiv under framifrå oppbevaringstilhøve ved SINDARK i Odda.

### Gjenstandar

Både ved Hardanger folkemuseum og Voss folkemuseum er det gode magasin. Ein liten del av samlinga er flytta til fellesmagasinet på Salhus der tilhøva er optimale. Om lag 8000 gjenstandar er ikkje tilfredsstillande oppbevart. Dette er i all hovudsak gjenstandar som står i museumsbygningar, og som er plassert der for å skapa miljø i husa. Museet manglar innsamlingsplan og må prioritera større ressursar til samlingsforvaltning og registrering framover. Det er fullt i magasinane og noko av samlinga står på eksterne lager.

Utstillingslokala i samlingsbygget på Mølster, Voss folkemuseum, var under oppgradering frå i 2017–2019 og den gamle basisutstillinga vart teke ned. Gjenstandane er plasserte på pallar i eit ekstern lager. Her plasserte me òg ein del gjenstandar som var oppbevart Finnesloftet som er eigd av Fortidsminnesforeininga. Dei minste gjenstandane fekk plass i magasinane på Mølster, medan dei største vart køyrde til fjernlageret. Det har som vanleg vore liten tilvekst til samlingane. Dei største og mest verdfulle gjenstandane var to skåp laga av Magnus Dagestad, medan den mest kuriøse gåva var ein globus over Voss, laga av Arne Tharaldsen i 1982.

Ved Agatunet er det mottatt ei hardingfele som er laga av

Peder Aga. Denne er restaurert. Etter Peder Aga er og mottatt verktøykasse med snikkarverktøy i. Ein del gjenstandar i Agatunet treng registrering. Det vart levert tekstilar/bunadsplegg til undersøking ved Fellesmagasinet på Salhus frå Hardanger folkemuseum i 2019, herunder ei gåve med bunadsplegg til Agatunet og bringklutane som var i utstillinga «Tusen bringklutar».

### Bygg og anlegg

Bygningsvernkonsulent har rådgjevingstenete i sju Hardangerkommunar og kan utføra arbeid for Hordaland fylkeskommune i inntil halve stillinga. I år har det vore forespørslar frå huseigarar med verneverdige hus i alle kommunar, samt noko også på Voss. Bygningsvernkonsulent har utført arbeid med dokumentasjon og oppfølging av restaureringsprosjekt i alle fire tuna ved Hardanger folkemuseum; Utne, Skredhaugen, Bu og Agatunet. I år har me i tillegg hatt eit ekstra oppdrag med rapportering av den kulturhistoriske bygningsamlinga til Kulturrådet.

Bygningsvernavdelinga ved Hfu/Agatunet består av to handverkarar og bygningsvernkonsulent. Anne Lise Brask Eriksen som etter avtale med Hordaland Fylkeskommune har rådgjevingsteneste for huseigar av verneverdige og freda bygningar i 7 kommunar i Hardanger.

Bygningsvernkonsulenten registrerer og oppdaterer i databasen Askeladden som Riksantikvaren driv. I Hardanger er det mange private freda hus og alle er registrert i denne databasen. Alle dei freda husa i HVM er også registrert i Askeladden og bygningsvernkonsulent følger dei jamleg med nye oppdateringar. Nytt frå i år er at alle verneverdige hus også får registrerast i Askeladden og bygningsvernkonsulent har starta med å føra inn bygningsamlinga ved Hardanger folkemuseum. Bygningsvernkonsulenten har i 2019 gjennom museet følgd opp eit arbeid med restaurering av vindaugo til den freda Hesthamar gard saman med ein byggmeister. Denne delen av restaurering av Hesthamar gard vart avslutta



Agatunet sett frå lufta. Foto: Arvid Aga

i 2019 med ferdig restaurerte vindaugo ved museet sin handverkar.

Det har vore to møte i ressursgruppa bygningsvern. Handverkar på Utne og handverkar på Voss møtte på nettverksamling i det nasjonale bygningsnettverket på Stiklestad i september. Bygningsvernkonsulent har delteke på kurs som verneombud og kurs i varme arbeid. I tillegg deltok ho på studietur til Skotland i april som var arrangert av museet i samarbeid med fylkeskonservatoren i Hordaland og med midlar frå Erasmus-ordninga ved Hordaland fylkeskommune.

**Lensmannsstova i Agatunet** har hatt behov for vøle i fleire år. Berande konstruksjonar har hatt råteskader og skader etter husbukk-angrep, og helletaket måtte demonterast slik at sperr og trobord kunne skiftas ut. I 2018 vart det løyvd tilskot på kr. 350.000 frå Hordaland Fylkeskommune til vøle av bygningen. I løpet av 2019 vart prosjektet fullført.

**Jakobstabburet i Agatunet** har hatt behov for vøle i fleire år. Berande konstruksjonar har hatt roteskadar og store skader etter husbukk-angrep. Kledning har også vore skadd av husbukk. I 2019 vart det løyvd tilskot på kr. 310.000 frå Hordaland Fylkeskommune til vøle av bygningen. Arbeidet starta opp i oktober 2019 og vert fullført dei første vekene i 2020. I Agatunet er me godt i gang me å oppnå målsetting i Riksantikvaren sitt bevaringsprogram ved at dei freda bygningane vert klassifisert til å vera på eit vedlikehaldsnivå. Ved utgangen av året 2019 er der berre eit bygg igjen med tilstandsgrad 3 i tunet, og dette bygget skal restaurerast i 2020.

Det var klargjort for vidareføring av kalkbrenningsprosjektet i Agatunet i 2019. Grunna tørt vêr i mai (brannfare gul), vart brenninga utsett i samråd med Riksantikvaren si sikringsavdeling og vert teke opp igjen vinteren 2020. I april mottok direktør trusselbrev i posten om at eit klyngetun

i fjorden var brent ned. Namn på tunet var ikkje nemnt, men det var omskrive som om det kunne vera Agatunet det galdt. I brevet var det vist til brannen i Sacre Cour i Paris og oppslag i Aftenposten om trua trehusklynger og trekyrkjer av høg antikvarisk verdi. Saka vart politianmeldt og sikring vart innskjerpa ved politiet og HVM straks etter hendinga. Saka er henlagt, men det er funne fingeravtrykk utan at det førde fram til gjerningsperson.

Det blir arbeid løpande med sikringstiltak i Agatunet og to nye bygg vart ved starten på 2020 kobla til sprinklingsanlegget.

**Lagmannsstova** er utvald som eitt av få objekt i landet som skal nærare fylgjast opp i Riksantikvaren sitt miljøovervåkingsprogram. Det vart i 2019 installert overvåkingsutstyr i stova som skal fylgjast tett opp.

Det var lynnedslag ved Agatunet i juni. Det førde til at elektrisk utstyr som kasseapparat og kjøleskåp måtte kasserast. Det vart oppretta forsikrings sak med erstatning for mykje av det øydelagde utstyret.

**Svartveit Landhandel, «Sjurabua», på Utne** vart måla våren 2019. Ein kulturløypebrosjyre med startpunkt her vart laga for at besøkjande kan få informasjon både ved omvising og på eiga hand utanom opningstid om bygg, skulpturar og historie. Kulturløypa er merka i «turstikartet» til Ullensvang næringsråd om kva som er å gjera på Utne.

**Nesjastova på Utne:** I fleire år har det stått vatn i kjellar i husmannsstova frå 1824, spesielt ved mykje nedbør. I oktober vart det greve ei dreneringsgrøft frå kjellar og ut i tunet.

Delar av **administrasjonsbygget** treng nye takrenner, då dei opphavelge takrennene leier vatn inn i bygget. Istandsetjingsbehovet er akutt.



Ved Hardanger folkemuseum var det tilsett slåttekar også i 2019. Han arbeidde i 2019 med vedlikehald av grøntområda. Han hadde og tilsyn med dei gamle frukttræa i tuna. Museet har i 2019 arbeidd vidare med planar for å planta fleire gamle sortar frukttræ i museumstuna. Knut Nes frå eigarstyret har vore rådgjevar. Det vart bestilt og planta ut over 30 ulike gamle sortar frukt i 2019 i museumstunet på Utne. Det vart søkt om og tildelt midlar frå fylkesmannen i Vestland som gjeld dokumentasjon og formidling av fruktdyrkingshistorie i Hardanger. Det gjeld ordninga «Utvalde kulturlandskap i jordbruket Ullensvang» hjå fylkesmannen. Museet er og kome med i arbeidsgruppa for ordninga. Prosjektet startar opp for fullt i 2020. I tillegg til å ta vare på gamle fruktsortar er dette eit dokumentasjons- og formidlingsprosjekt med intervju og film og eit samarbeid med fruktdyrkarar, ciderprodusentar og andre.

**Kvernhus og Kvalnesstova på Skredhaugen:** Gjennom stønad frå Sparebankstiftinga Hardanger og ei privat gåve fekk venelaget midlar til å restaurera kvernhuset som no kan brukast. Arbeid med kvern og renne vart utført i juni ved museet i samarbeid med tømrrar Nils Frøynes. Handverkar ved museet og leiar i venelaget har vore på opplæring på tilsvarande kvernhus i drift i Uskedalen i Kvinnherad. Kvernhuset skal opnast med ein aktivitetsdag i mai 2020.

Venelaget fekk tilskot til å setja opp nytt kjøkken i kjellar under **Kvalnesstova**. Venelag deltok med riving av det gamle kjøkkenet, samt måling. Museet var med og sette opp kjøkkenet. Arbeidet med opprusting av toalettet i kjellar av Kvalnesbua er byrja. Det vil gjera Skredhaugen betre i stand til å ta imot fleire gjester. Venelaget skaffa midlar gjennom tilskot frå Sparebankstiftinga Hardanger.

På Skredhaugen held ein geiter som venelaget og andre steller og ser til gjennom året. Mange er innom friluftsmuseet Skredhaugen heile året. Venelaget legg ned ein stor innsats som held liv i tunet året rundt.

**Bu museum:** Våren 2019 mottok leiar i eigarstyret for Hardanger folkemuseum kopi av brev frå advokat til eigarkommunane om at ein av arvingane kravde at Bu museum, samlingane etter Aamund K. Bu, måtte seljast grunna manglande oppfølging og drift. Brevet var adressert til eigarkommunane Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Granvin og Odda. Direktør presenterte eit forslag for Hardangerrådet i juni og i oktober med å peika på potensialet til Bu museum med strategisk god plassering ved Hardangerbrua. Ho la og vekt på den rike kulturhistoriske samlinga sin verdi. Hardangerrådet hadde og møte om pilotprosjekt og samarbeid med museet om eit forbetra toalettanlegg då Statens vegvesen slit med dårleg kapasitet på det etablerte toalettanlegget på rasteplassen på Bu. Direktør tok på nytt kontakt med Statens vegvesen om samarbeid om Bu museum som vart skadd og nedstøva av eit steinknuseverk under bygging av Hardangerbrua.

Det var synfaring til Bu i juli der representantar for eigarkommunane, Hardanger og Voss museum ved direktør og styre møtte saman med arving. Det vart konkludert med at ordføraren i Ullensvang skulle svara på brevet etter synfaringa og at direktør for museet skulle setja i gang restaurering av

taket på stabburet og oppsett av gjerde mot rasteplass.

Museet laga ein oppdatert formidlingsplan for Bu museum i 2019 for formidling av den rike samling av kulturhistoriske gjenstandar og arkiv/bøker som er registrerte.

Det er tatt initiativ til å laga eit venelag for museet. Eit sesongope museum vil verta ein viktig bidragsytar til besøk og næring knytt til kulturarv i Hardanger. Ordføraren i Ullensvang herad stadfesta på nytt i brev i november 2019 etter nytt brev frå advokaten til arving at kommunane ikkje vil selja Bu museum.

**Granvin bygdemuseum:** I 2019 vart kvernhuset flytta til tomta like ved mosstova i tunet. Det står noko arbeid att med å få opp skifer på taket og alt av innvendig innreieing står att. I tunet er det montert fleire ljospunkt som gjer at det er lettare å ha innsyn i tunet. Det er montert fleire brannsløkkingsapparat både i bygningar, men også utvendig fleire stader i tunet. Det er sett opp ein instruks ved framleige av td. Holvensstova.

**Storeteigen, Kvam bygdemuseum:** Kabuso overtok driftsansvar for Kvam bygdemuseum med Storeteigen, 1.1.19. I samband med overtakinga tilsette Kabuso ein person med ansvar for arrangement og anna drift. For 2019 blei budsjett sett opp utan føreliggande samanliknbart rekneskap. Drifta i 2019 har gått med overskot. Det har vore investert i inventar i våningshuset, mellom anna kvitevarer, senger og sengetøy. Dette har først og fremst vore nytta av kunstnarane som har budd på Storeteigen. Ein del av budsjett har gått til formidling og marknadsføring, samt gjennomføring av opne dagar og stell og drift av tunet.

2019 har elles vore brukt til å få eit overblikk over bygg og samling. Dei ulike bygga er no registrerte og naudsynte reparasjonar er planlagt i 2020. Me fekk bistand frå Voss folkemuseum til å sjå over samlinga, både tilstand og lagerforhold. Det er ikkje registrert noko kritisk, men me planlegg å rydda blant gjenstandar samt utarbeida eit nytt formidlingsmateriale.

For **Borgstova i Vikøy** var det avsett ein sum til formidling som ikkje er nytta, då det ikkje var drift der i 2019. Bygningane på prestegarden i Vikøy blir no restaurert i regi av Opplysningsvesenets fond som er eigar av den freda prestegarden.

**Voss folkemuseum:** HVM fekk tilskot til å fullføra sprinklinga av Mølstertunet i løpet av året, og lyste prosjektet ut på Doffin i november. Oppdraget gjekk til Tore Eide AS, som også hadde ansvar for sprinklinga som vart gjort i 2016. Arbeidet vert fullført før sommaren 2020. Det vart elles berre gjort vanleg vedlikehaldsarbeid ved bygningane på Voss folkemuseum i meldingsåret. Kjøkkenet i samlingsbygget vart i 2019 rusta opp med tilskot frå venelaget.

Alle kulturhistoriske bygg som Voss folkemuseum forvaltar vart i 2019 registrerte i Kulturrådet si undersøking om tilstandsgrad for bygga.

# Forsking og kunnskapsutvikling

Forsking og kunnskapsutvikling er eit naudsynt fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Eit viktig mål som stat og fylke ynskjer å leggja til rette for, er å auka forskingssamarbeid, både i museumsnettverka, mellom musea og forskingsmiljø i kunnskapssektoren.

HVM har utarbeidd «Forskningsplan 2018 – 2022». I perioden skal forsking og kunnskapsutvikling prioriterast høgare. HVM har ein tilsett med doktorgrad og har fleire tilsette med hovudfag/mastergrad som driv kunnskapsproduksjon og kan utføra meir forsking.

Mange av prosjekta ved Hardanger fartøyvernssenter rommar element av forsking. Særleg har det vore utført detaljert dokumentasjonsarbeid omkring M/F Folgefonn, M/K Fremad II, D/S Skibladner, Fram, Anna Karoline og D/S Stord 1. Forprosjektet «Maritime handverksteknikkar» er òg verd å nemne i denne samanhengen. Dette er ein oversikt over handverksteknikkar som er aktuelle i fartøyvern og ei vurdering av status for dokumentasjon av desse.

Professor i rettshistorie og prosjektleiar for Landslovprosjektet, Jørn Øyrehagen Sunde, vart engasjert til å kvalitetssikra, forska på og bidra med materiale om Agatunet i mellomalderen. Dette er ein lekk i å knyta Agatunet opp mot forskingsnettverk med kompetanse på mellomalder generelt, og Landslova (750 års jubileum i 2024) spesielt. Øyrehagen Sunde har i 2019 halde fleire foredrag, levert forsking knytt til lagmannsembetet og skrive tekst til eit hefte som skal illustrerast og trykkjast. Hardanger historielag har støtta med midlar til utgjeving og omsetjing av heftet. Heftet blir trykt i 2020 til 800 års jubileet til Lagmannsstova.

HVM arrangerte eit forskarseminar i august 2019 om skotsk norske relasjonar i 2019. Ideen til seminaret kom frå Øyrehagen Sunde der forskarar frå Skottland, Shetland, Orknøyane og Noreg samarbeidde med HVM og Baroniet i Rosendal om tema som fokuserer på at Noreg og Skottland er to land som har mykje til felles. I begge finst det fjordar og fjell. Fiske og husdyrhald er viktig. Begge landa er avhengig av handel og har handla mykje med kvarandre. Trass desse i augefallande likskapane og sterke handelsrelasjonen, har det vorte forska lite på fellestrekk mellom dei to landa. Målet med seminaret var å sjå eiga historie frå ein heilt ny synsvinkel.

I 2019 har HVM òg henta fram att tanken om å etablera eit jordskiftesenter i Agatunet, saman med folk som var med i forprosjektgruppa. Forslaget blir følgt opp i høve til regionreforma og kommunesamanslåing og er eit aktuelt satsingsområde for museet.



Anna Karoline. Foto: Åsmund Kristiansen

## Rådgeving

I 2019 er det utført til dels omfattande dokumentasjons- og rådgevingssamarbeid knytt til fleire fartøy. Her kan ein m.a. nemne:

- Skibladner: Avklaringar omkring oppbygging av røykelugar og dekkskonstruksjon
- Oster: Avklaringar omkring styrehus- og brokonstruksjon
- Andholmen: Vurdering av autentisitet i høve historiske kjelder
- Norden: Teknisk-historisk dokumentasjon (ikkje avslutta)
- Seminar om elektriske installasjonar på verna skip.
- Smikurs for Sandviken Kystlag
- Fleire foredrag på fagseminar og kurs i regi av Norsk forening for fartøyvern
- Verktøyseminaret med tema sag, med målgruppe handverkarar i kulturminnevernet.

## Publikasjonar

### Årbøker

*Gamalt frå Voss*, 2019. Årboka er eit samarbeid mellom Voss Bygdeboknemnd, Voss folkemuseum og Voss sogelag. Boka kom ut for 51. gong, var på 208 sider, og hadde 20 artiklar. Eirik Helleve var redaktør.

*Hardanger, Hardanger historielag*, 111. årgang, 2019. Guttorm Rogdaberg: Ein kaptein, grendahuset Sagatun og målaren Lars Osa.

### Artiklar

Helleve, Eirik: «Vossamønstringa 1964», i *Gamalt frå Voss*, 51. årgang  
Brask Eriksen, Anne Lise (redaktør), artikkelsamlinga: «Restaurering av Lagmannsstova 2015-2018».

### Artiklar i tidsskrift:

Hesthammer, Morten 2019. Gaffelriggere i Østersjøen. I: *KYSTEN* nr. 1/2019 s. 10–15.

Hesthammer, Morten 2019. Christer Valstad ved Saltdal verft. I: *Dampskibsposten* nr 2/2019 s. 35–39

Hesthammer, Morten 2019. Nordisk gaffelriggseminar 2019. I: *Dampskibsposten* nr 3/2019 s. 17–19.

### Artiklar på nettstaden fartoyvern.com:

Morten Hesthammer: Tidskapselen “Anna Karoline”

Morten Hesthammer: Seizing hemp shrouds

Morten Hesthammer: Fitting the covering board on Anna Karoline

Morten Hesthammer: Våren er her, fram med færefettet.

Niclas Wathne: Uddrivning på reberbane i Älvängen.

Geir Madsen: Seminar om el-installasjonar i verna skip

Å sy lær om et tau eller annet rundt. Her vist på en skinkel.

Seppe Lehembre: Om beslag til rigg

Lars Ystanes: Smiing av båtsøm

### Rapportar frå Hardanger fartøyvernsenter:

1-2019 Eydebåten - ”Elida”

Silje H. Tjosås og Ivar Hoflandsdal

2-2019 Holvikejekta tilstandsvurdering 2019

Morten Hesthammer

3-2019 Arkivprosjektet. Hovudrapport juni 2019

Lars Arvid Oma

4-2019 Oster - Brodekkonstruksjon og styrehus

Silje H. Tjosås og Ivar Hoflandsdal

5-2019 Elmina – tilstandsvurdering

Morten Hesthammer

6-2019 Andholmen - Tilstandsvurdering

Silje Hausberg Tjosås

7-2019 Andholmen - Utreiding av oppbygging og antikvarisk tilstand

Silje Hausberg Tjosås

8-2019 SY Fredag - Tilstandsvurdering

Silje Hausberg Tjosås

9-2019 RS Feie - Restaureringsplan

Ivar Hoflandsdal og Morten Hesthammer

10-2019 Solveig – Tilstandsvurdering

Morten Hesthammer



## Formidling

*Føringane frå staten seier at musea skal nå publikum med kunnskap og opplevingar, og vera tilgjengeleg for alle. Det inneber målretta tilrettelegging for ulike grupper og aktuell formidling som fremjar kritisk refleksjon og skapande innsikt. Kunnskapen skal kome samfunnet til del, den skal formidlalt. Eit viktig satsingsområde for musea er nettbasert formidling.*

Med bakgrunn i dette har Hardanger og Voss museum utarbeidd «Formidlingsplan for 2018 – 2022». Planen skildrar tiltak for å nå barn og unge, leggja til rette for mangfald og for samarbeid med friviljuge og med ulike bransjar.

### Marknadsføring, reiselivsutvikling og sal i HVM

HVM har eigen felles marknadsførar i 40% stilling. Denne vart utvida til ein 80% prosjektstilling i kombinasjon med 40% sal og booking i av Mathilde og anna ved Hardanger fartøyvernssenter. Målet er å auka besøkstalet til 80 000 besøkjande i 2020–22 med minst 50 % betalande gjester. I 2019 har vi deltatt med fleire marknadsføringstiltak mot den internasjonale og nasjonale marknaden (NTW) samt på visningsturar i samarbeid med Visit Hardangerfjord AS og Fjord Norge AS. I 2019 har Norsk kulturråd gjennomført ei publikumsundersøking ved dei konsoliderte musea. Rapportar for einskilde av våre avdelingar gir eit nyttig innblikk i kva vi må gjera meir av for å nå dagens publikum. Undersøkinga held fram i 2020.

HVM deltar aktivt i «Museums- og reiselivnettverket til Virke». Her lærer me om målgrupper, produktpakking og marknadsføring saman med andre museum i heile Noreg. Direktør deltar i internasjonalt reiselivsprosjekt på oppdrag frå Riksantikvaren med rådgjeving innan reiseliv og museum gjennom sitt styreverv i Norsk kulturarv.

Visit Hardangerfjord AS leiger frå 2019 ein sentral plass i Turistinformasjonen i Bergen til ei ny flott utstilling med filmar og gjenstandar frå Hardanger. HVM har bidradd med utlån av museumsgjenstandar til Turistinformasjonen

i Bergen og har teikna avtale med Visit Hardangerfjord om presentasjon her.

Nytt av året er at marknadsførar lagar månadlege nyhendeletter om aktivitetar og tilbod ved HVM.

### Frivillig arbeid

Fleire frivillige grupper arbeider for ulike deler av verksemda ved Hardanger og Voss museum. Dei er gode drivarar av tuna, skaffar sponsorinntekter og legg ned ein stor innsats. All drift ved Granvin bygdemuseum vart gjort av venelaget i samarbeid med Granvin herad. Skredhaugens vener er eit aktivt lag og har arrangement kvar onsdag i sommarsesongen. Agatunet venelag har også i år gjort ein stor jobb for at besøkande får eit godt tilbod. Kunstgruppa i Agatunet står for kunstutstillingane der. Venelaget for Kvam bygdemuseum, Storeteigen, har gjennomført vårdugnad og anna arbeid. Venelaget Voss folkemuseum stiller flittig og trufast opp som dugnadshjelp ved dei større aktivitetsdagane. Venelaget til Borgstova i Vikøy stiller med dugnadsinnsats ved publikumsarrangement. Eigarstyret og venelaget til Ingebrigt Vik museum legg ned eit stort dugnadsarbeid og innsats for å skaffa midlar til Ingebrigt Vik museum og Kabuso. Den frivillige organisasjonen Vennelaget MY Faun legg ned stor dugnadsinnsats med vedlikehald og drift av båten gjennom sommarhalvåret.

Hardanger Trebåtfestival blir årleg arrangert i Norheimsund av interesseorganisasjonen Hardanger trebåtfestival i samarbeid med Hardanger fartøyvernssenter (HFS). Arbeidet med interesseorganisasjonen blir utført på frivillig basis og utløyser stor dugnadsinnsats med om lag 80 frivillige i aksjon i festivalhelga. Festivalen er ein fagleg og sosial møteplass for trebåtentusiastar frå heile Sørvestlandet, og er den største publikumshelga på HFS. Mange i publikum får her sin første kontakt med fartøyvern og maritime handverk.

I samband med rullering av kompetanseplanen er det foreslått å ha ein frivillighetskoordinator ved HVM.

Samla besøk	Per 31.12.19	Per 31.12.18	Endring	Endring i %
Hardanger fartøyvernssenter	20 183	17 961	2 222	12 %
Hardanger folkemuseum	7 742	8 930	-1 188	-13 %
Hardingfela.no	4 140	1 637	2 503	153 %
Agatunet	5 216	4 984	232	5 %
Skredhaug	1 551	1 764	-213	-12 %
Kabuso	8 525	8 196	329	4 %
Hardanger Skyspace	461	370	91	25 %
Ingebrigt Vik museum	1 293	1 285	8	1 %
Voss folkemuseum	11 189	7 534	3 655	49 %
Kvam bygdemuseum Storeteigen	760	2 157	-1 397	-65 %
Granvin bygdemuseum	2 125	1 325	800	60 %
<b>Totalt HVM</b>	<b>63 185</b>	<b>56 143</b>	<b>7 042</b>	<b>13 %</b>

### Publikumsutvikling

Besøkstala til HVM har vore stabile dei siste åra med ein auke i 2019.

### Agatunet

Opningstidene i Agatunet vart i tråd med avtale om tilskot frå Ullensvang herad utvida i 2019. Det vart halde dagleg ope 10 -17 frå sesongopning den 11. mai til 13. september. Her har vore arrangement og besøk av grupper heile året.

I byrjinga av mars arrangerte HVM eit inspirasjonsmøte med teikneverkstad i samband med konkurranse om nytt kommunevåpen. Guttorm Rogdaberg og Kåre Grønnes fra Ullensvang herad heldt innlegg om heraldiske reglar. Me følgde opp det heraldiske temaet med å vera vertskap for den nye kommunen sin presentasjon av finalistane i konkurransen og eit foredrag om vestnorsk heraldikk av Jo Rune Kristiansen Ugulen, PhD i mellomalderhistorie, førstearkivar i Arkiverket og redaktør for Diplomatarium Norvegicum. Dette foredraget enda med ein artikkel i Hardanger historielag si årbok.

Nøringen heldt hus i Agatunet gjennom vinteren og våren. Ungane song og dansa, og fekk delta i mange kjekke aktiviteter.

Skuleklasse frå Steinerskolen Haugesund besøkte oss og deltok i aktivitetar i tunet.

Sesongen i Agatunet opna 11. mai. Kunstlaget hadde kuratert ei utstilling av kunstnaren Lars Osa sine arbeide frå Aga. Brita Tveite heldt foredrag om Lars Osa. Det vart laga ein rikt illustrert katalog til utstillinga. Smykkekunstnarane Siri Berrefjord og May Helen Bleie stilte ut smykke og dekorerte tekstilar, medan Hege Wiken og Samson Øvstebø stilte ut korgar og kiper og anna handverk i den nyopna Haldorsbua. Wiken og Øvstebø har vore fleire gonger i tunet gjennom sesongen og demonstrert handverket sitt.

Me hadde ope kafé for bygdafolket på 17.mai ved hjelp av friviljuge, og det har vore gudsteneste i tunet i sommar.

2. juni opna ei installasjonsutstilling av Iben Amalie Mansfeld. 13. juli opna barneutstillinga «Å vera og gjera

saman» i eit samarbeid med barnehagen på Aga. Kunstnaren Iben Amalie Mansfeld har og hatt workshop for borna.

Det var fleire konserter i Lagmannsstova gjennom sommaren med vokalensemblet Glimrah og trioen Torvund, Tveit og Dagestad og ved Knut Hamre under mellomalderseminaret.

I sesongen heldt den unge felespelaren Jonas Laupsa to konsertar i Lagmannsstova kvar fredag og laurdag som del av satsinga til Hardingfela.no.

HVM hadde studentane i Eigedomsdesign frå Høgskulen på vitjing. Studiet blir leia av Lars Kvestad, som og leiar eit nyetablert tverrfagleg nettverk som arbeider med eigedomshistorie. Guttorm Rogdaberg har vorte invitert inn i nettverket.

Oslo arkitekt- og designskule har vore på vitjing, og BAS har vore her også i år med 50 studentar.

Kvar fredag i sesongen har Bygdekvinnelaget steikt krotakaker i bakstekjellaren.



Jonas Laupsa heldt konsertar heile sesongen, på Utne, Skredhaugen og i Agatunet. Foto: Line B. Iversen

Gjennom sesongen har HVM teke i mot grupper på sidertur, eit nystarta samarbeid med Aga sideri, gjestar frå RIB-turane til Trolltunga Active og reisande med den nye «ciderrutebåten» mellom Odda, Lofthus og Aga i august 2019. HVM har hatt fleire journalistar og eit japansk tv-selskap på vitjing. Ragnarok-produzent og TV-kokk Adam Price var på vitjing i tunet.

2019 var det siste av dei tre åra i HVM sin samarbeidsavtale med professor Jørn Øyrehagen Sunde. Han har gjennom året har halde fleire føredrag om mellomaldertema i tunet. Han har mellom anna halde føredrag i lag med førsteamanuensis Alf Tore Hommedal og professor Erik Opsahl.

HVM avslutta sesongen i samarbeid med Hardanger historielag og i høve avslutninga av Osa-utstillinga heldt Guttorm Rogdaberg eit kåseri om Lars Osa.

Birgit Jåstad hadde og ein artikkel i historielaget si årbok, der Agatunet står sentralt, «Kva skal barnet heite. Om namneskikkar og tolkning», og i boka «Trær» av Lisbeth Dreyer har den flotte gullregnen fått ein fint oppslag.

Guttorm Rogdaberg har saman med direktør HVM møtt på møte om utvalde kulturlandskap i landbruket der Aga har status som sers utvalt område. Han har og vore på Historisk hageseminar på Baroniet Rosendal, og delaktig i arbeidet med å etablere ein kultursti frå parkeringsplassen over Aganeset og ned til vikingtidhamna og Klokkesteinen som opnar i 2020.

Det har og i andre fora vore publisert artiklar som omhandlar Agatunet, til dømes i Mads Langnes sin artikkel Agatunet i Hardanger og Eidetunet i Romsdal og i Fortidsminneforeninga sin årbok.

I oktober samarbeidde HVM med Littatursymposiet i Odda om føredraget «Gravskikkar i Hardanger i jernalderen».

I november og desember hadde me førjolsarrangement med adventskafé, tenning av jolatre, ljostøyping og nøgde gjester.

### **Hardanger folkemuseum, Utne**

Hardanger folkemuseum arrangerte fleire utstillingar i 2019. Utstillinga *1000 bringklutar* opna i 2018 og stod til november 2019. I alt 1021 bringklutar var stilt ut, og vist fram etter ulike teknikkar. Med til utstillinga er eige perleverkstad for barn og unge.

«Dokker i folkedrakt» etter Adolph Tidemand sine draktstudiar var ei utstilling i juni til september ved Britt Kjellesvik Rage som driv sin eigen verkstad/galleri på Tysnes. Det vart og arrangert open dag ved museet i juni der den nye kulturløypa vart opna og Knut Nes heldt føredrag og planta eit tre i feltet med gamle fruktsortar i museumstunet. Same dag fekk barn og vaksne delta i folkedans i storsalen som var eit populært innslag ved våre folkemusikarar ved museet.

Diktardagen vart arrangert i pinsen i samarbeid med Olav H. Hugesenteret. Det vart lagt ned steintavle diktarstien i museumstunet på Utne og feiring av forfattar Cecilie



Den store bringklututstillinga vart teke ned på Utne i november.

Foto: Line B. Iversen

Broch Knudsen. Same dag var her konsert i samarbeid med Hardanger musikkfest.

Hardanger folkemuseum hadde fleire arrangement og konsertar i 2019. Også i 2019 fekk konsertscena vår til saman 100.000 i arrangørstøtte av Norsk kulturråd. På Utne heldt Knut Hamre og Ola E. Bø konsert med opplesing frå Andvake i samband med markering av 60 års dagen til forfattaren Jon Fosse. Arrangementet var støtta av Hardanger historielag.

Frå Felefyllgje hadde Jonas Laupsa fleire konsertar og formidling om hardingfela på Hardanger folkemuseum.

### **Granvin bygdemuseum**

Prosjekt «Spelarhola» har no gjennomført sitt tredje år og vil verta avslutta i løpet av første kvartal 2020. Prosjektleiari Alexander Aga Røynstrand har nytta Bygdatunet i Granvin til fleire av prosjektet sine arrangement.

Frå 2020 vert Voss herad eigar av Granvin bygdemuseum. For å sikra at tunet vert drive og forvalta på ein god måte er det gjort avtale med Alexander Aga Røynstrand om at han no bur i Bygdatunet som buande vertskap. Avtalen er gjort i samarbeid med mellom andre bygdatunets vener.

Dette året var den store hendinga i Bygdatunet kongebesøket 19. juni. Her tok heradet imot kongeparet og presenterte litt av det bygda har å by på av ulike aktivitetar. Svært mange nytta høvet å vera tilstades i bygdatunet denne dagen.



Nøringen på Granvin bygdemuseum. Foto: Ingerid Jordal



Utstilling med foto av Jens Hauge på Voss folkemuseum.  
Foto: Kjell Herheim

### Voss folkemuseum

Avdelinga viste to utstillingar i 2019. «Musea dansar» vart opna i april, og stod til september. Utstillinga er ei vandreutstilling med element frå utstillingar laga ved tre museum i Trondheim – Ringve, Rockheim og Sverresborg/Trøndelag folkemuseum. Frå oktober viste VFV utstillinga «Utsiktspunkt og gøymestad», ei fotoutstilling med bilete tekne av Jens Hauge frå Lærdal. Han har i nokre tiår fotografert trehytter og leikehytter, og i utstillinga vart om lag 30 av desse vist.

I samarbeid med hardingfela.no var alle sjetteklassingar på Voss med på eit skuleopplegg laga til utstillinga «Musea dansar». Det var konsertar ved Felefylgje i samarbeid med hardingfela.no i sommarsesongen.

I Arnfinnsflore på Mølstertunet stod det ei utstilling om tunskipnad.

Som i 2018 ønskte fleire skular å besøka Voss folkemuseum som eit alternativ til jolegudsteneste. Elevane som kom hit fekk ei omvising med vekt på jolefeiring midt på 1800-talet.

Det var ein fin auke i besøket ved Voss folkemuseum. Auken fordelte seg på fleire av kategoriane, med spesielt stor auke på enkeltbilletter, grupper og skuleklassar. Avdelinga hadde besøk av fleire cruisegrupper enn året før, og av skuleklassar var det spesielt mange frå Amalie Skram vidaregåande og Bergen katedralskule. Det skal òg seiast at ein grunn til auken var at Voss folkemuseum i 2018 hadde eit redusert tilbod grunna oppgradering av samlingsbygget som då var stengt for utstillingar.

### Kabuso, Ingebrigt Vik og Hardanger Skyspace

Kabuso er Hordaland fylkeskommune sin tusenårsstad og konsolidert inn i HVM. Hordaland fylkeskommune lanserte i 2005 sin visjon for Kabuso: «Kabuso skal med bakgrunn i fortida spegla samtida og vera ein møteplass for alle. Kabuso skal vera eit senter der kunst- og kulturytringar vert formidla på eit profesjonelt nivå, og der kunst kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda der ute.»

Besøkstalet visar ei jamn, årleg, auke, men er lågare enn berekna i budsjett. Konsertane har færre selde billetter enn fjoråret, noko som kan skuldast at det ikkje var tydelege publikumstreffar og høgdepunkt. Tilsegn om arrangørstøtte i

2019 frå Norsk kulturråd bidreg likevel til å halde høg kvalitet på konsertscena.

Kabuso gjennomførde i løpet av året sju utstillingar samt 39 konsertar og arrangement. Då reknar me ikkje med dei daglege pop-opp konsertane i juli med Ingrid Standal Sørheim frå Felefylgje (Hardingfela.no). Alle utstillingane utanom Vestlandsutstillinga, er egne produksjonar med fagleg leiar Sissel Lillebostad som kurator.



Kunstnar Kine Lillestrøm i arbeid ved Storeteigen, Øystese.  
Foto: Trond Hugo Haugen

## Utstillinger i perioden

### – 10.02 HARRANG/HAVAAS/LILLEFOSSE/PASMANS

*Exsiccatae* av Ine Harrang (NO), frå samlinga etter Johan Havås og akvareller av Torkel Lillefosse (innlån frå UiB).

Foajé: Ingrid Pasmans (NL) Hardanger Herbarium.

### 23.2.- 21.4.19 «Alternative farvann» Aud Bækkelund (NO) Hovudsal.

Bækkelund brukar material som demonterte kjøkkengolv, blyantstubbar, leiingsrestar, kapp av frukttrær, linjalar, tråd og stoffrester – til å komponera installasjonar og objekt.

Katalog med tekst av Sissel Lillebostad. Design: Hilde Marie Larsen Klyve

«Planetarisk tåke» Kirsti van Hoegge (NO) Foajé.

Fotografia i serien *Planetarisk tåke* er små korn av støv eller klumpar med leire, skanna slik at dei gjer inntrykk av bilete frå eit uendeleg univers.

### 4.5.-2.6.19 Vestlandsutstillinga «Vi er stedene» Kurator Marte Danielsen Jølbo

Med Anette Gellein, Arild Våge Berge, Åse Løvgren/Stine Gonsholt, Aurora Solberg, Gunnhild Torgersen, Hilde Frantzen, Elin Brissman, Ida Madsen Følling, Johanne Hestvold, Kenneth Varpe, Maiken Stene, Margrethe Aanestad, Natasja Askelund, Ole Martin Lund Bø, Per Christian Brown, Roddy Bell, Siv Bugge Vatne, Stian Ådlandsvik, Tor-Finn Malum Fitje, Trond Hugo Haugen, Yngve Mathisen. Stadsspesifikt arbeide av Solveig Landa.

### 15.6-8.9 «Sett alle rede» Gabriel Johan Kvendseth (skulptur) og Arvid Pettersen (måleri) (NO)

To markante kunstnarar frå to generasjonar i dialog.

Katalog med tekst av Sissel Lillebostad og forfatter Tor Sanden Døskeland. Design: Hilde Marie Larsen Klyve

### 28.9.19-6.1.20 «Å sjå deg i auga» Kine Lillestrøm/Trond Hugo Haugen (NO)

Ei stadspesifikk utstilling utforma og bygd på staden, med materiale frå byggeplassen til Hardangerbadet, vist på Kabuso og Ingebrigt Vik museum.

Folder med tekst av Sissel Lillebostad og Karen Noer Korsjøen.

Tekst av Bjørn Hatterud publisert på nettside.



## Konsertar og arrangement:

Dato	Konsert
31.01.	Kunstbar: Plantar i kunsten. Foredrag ved leiar Sissel Lillebostad
09.02.	Konsert: Apneseth Trio & Erlend O. Nødtvedt
16.02.	Bornas Kabuso: Kreativt verkstad
23.02.	Utstillingsopning: Kunstnarsamtale med Aud Bækkelund og Kirsti van Hoegge.
07.03.	Kunstbar: Drink&Draw, kreativt teikneverkstad for vaksne.
09.03.	Kakaokonsert
16.03.	Bornas Kabuso: Film: Det levende slottet.
17.03.	Konsert: Building Instrument
31.03.	Konsert: Groupa
11.04.	Kunstbar: James Turrell, lys og persepsjon. Foredrag ved Bjørn Follevaag.
13.04.	Bornas Kabuso: Kreativt verkstad.
17.04.	Teikneverkstad for ungdom: Manga og andre cartoons.
27.04.	Konsert: Volt & Potenza.
04.05.	Konsert: Borealis: Saxofonkvartetten Saxifraga Quartet
11.05	Bornas Kabuso viste filmen Peter Pan
16.05	Kunstbar: På ville vegar. reisebrev frå Japan.
25.05.	Kakaokonsert
02.06.	Finissage VU: Foredrag av Solveig Landa. Performancefestival ved PAB.
09.06.	Konsert: Hardingtonar: Klassisk
Juli:	POP UP konsertar med Ingrid Standal Sørheim (toradar), måndag-fredag.
29.08.	Kunstbar: Simone Hooymans med førpremiere på filmen RAS.
31.08.	Bornas Kabuso: Kreativt verkstad
08.09.	Nasjonal Kulturminnedag med ope hus og omvisingar. Finissage med samtale mellom Arvid Pettersen, Gabriel Johan Kvendseth og faglig leiar.
19.09.	Konsert: Wako & Oslo Strings
20.09.	Konsert: Eivind Austad trio



29.09.	Konsert: Ross Couper & Tom Oakes
04.10.	Siderakademi, i samarbeid med Siderfestivalen.
05.10.	Bornas Kabuso: Siderfestivalspesial
10.10.	Konsert: Christina Dahl Kvartet
12.10.	Bornas Kabuso Film Ponyo
20.10.	Konsert: Majorstuen – Skrible
26.10.	Kakaokonsert
31.10.	Kunstbar
08.11.	Konsert: Ole Amund Gjersvik trio
09.11.	Bornas Kabuso: Kreativt verkstad, kolteikning og gjenbruk
22.11.	Øyvind Dale trio
28.11.	Kunstbar: Drink&Draw
07.12.	Bornas Kabuso: Film Gubben og Katten. Nissemaskinen
08.12.	Konsert: Camilla Hole trio
14.12.	Kakaokonsert

## Anna

Kabuso er frå 1.1.19 med i Kunstmuseumsnettverket, og deltok på samling 8.2 på Nasjonalmuseet i Oslo.

Fagleg leiar deltok på «matchmaking» konferanse i regi av EØS, *Connecting Dots*, i Lisboa, Portugal, 14.11. Konferansen har ført til kontakt og utvikling av eit potensielt samarbeid med tre kunst- og kulturaktørar i Portugal. Ein av dei portugisiske aktørane vitjar Kabuso i januar 20, ambisjonen er å utarbeide ein søknad om eit EØS-finansiert samarbeidsprosjekt i Portugal.

Storeteigen er frå 1.1.19 nytta til opphald for kunstnarar som skal stille ut på Kabuso, i samband med forarbeid og produksjon av utstillingane.

## Formidling og undervisningsopplegg

Formidling er eit satsingsområde. Ei nyvinning i 2019, *Kunstbar*, viser potensialet Kabuso har som ein sosial møteplass med fagleg innhald. Det blei arrangert 7 kveldar i løpet av 2019 med føredrag, omvisingar i utstillingane, teikneverkstad (drink&draw) og kviss (kahoot). Serleg drink&draw har vist seg å bli ein suksess, noko som peikar på at aktivitet og samspel er etterspurd. Med erfaringane frå kunstbaren byggjer me vidare på aktivitetsbasert formidling.

Teikneverkstad for ungdom blei gjennomført, fokus var teikneseriar og manga.

Bornas Kabuso, vår eigen kunst- og filmklubb, heldt fram i 2019 med 4 arrangement gjennom våren og 5 i haustsesongen. Totalt hadde arrangementa eit besøk på 535 (inkludert vaksne). 132 born kjøpte i 2019 medlemsskap i klubben. 4 av arrangementa hadde hovudfokus på kunstverkstad kor fleire av aktivitetane var inspirert av utstillingane på huset. Alle arrangementa hadde visning av animasjonsfilm, enten i form av ein filmkrok med kortfilmar eller langfilm i konsertsalen.

I mai vart klubben kåra til Årets barnefilmklubb av Norsk filmklubbforbund.

Alle dei utstilte kunstnarane i 2019 deltok i samtale med leiar Sissel Lillebostad i samband med opning/finissage, eit tilbod som har vist seg å bli omtykt av mange. Det blei laga katalog til utstillinga til Aud Bækkelund samt Pettersen og Kvendseth, til Lillestrøm og Haugen blei det laga ein folder.

Det vart utvikla eigne undervisningsopplegg til alle dei 5 utstillingane i utstillingsalen. Alle opplegga inkluderer dialog og aktivitet. I tillegg vart det gjennomført faste opplegg i Skyspace og Ingebrigt Vik museum.

Totalt vart det gjennomført undervisning for 88 grupper i løpet av året. 1369 barn og unge frå barnehagealder til vidaregåande skule deltok. Det var ein auke frå året før. Hausten 2019 vart det innleia eit tettare samarbeid med Sandven FUS barnehage i Norheimsund som har kunst som satsingsfelt. Dei vitja Kabuso fleire gonger i veka gjennom hausten og hadde eitt kunstnarbesøk i barnehagen knytt til utstilling i Kabuso.

Fleire skuleklassar vitjar Hardanger Skyspace i vintermånadene, der dei får formidla ljusbrytning og farger ved soloppgang.

Kabuso og Storeteigen organiserte den nasjonale Kulturminnedagen 8.9. i samarbeid med historielaget og Kvam Herad.

## Ingebrigt Vik museum – formidling

Ingebrigt Vik museum er ope i Kabuso sine opningstider. I sommarmånadene var døra open og museet bemanna 4 timar kvar dag. Frå 2019 galdt det og måndag. Nytt tilbod av året var ei tralle med variert teikneutstyr som inviterer dei besøkande til å oppleve museet gjennom aktiviteten teikning. Utstyret vart nytta av både barn og vaksne. I tillegg er eit aktivitetshefte for barn i bruk.

Alle verka i utstillinga har i 2019 fått skilt med tittel, årstall, stad og material på norsk og engelsk.

Ingebrigt Vik museum er til stades på Kabuso sine kanalar i sosiale medier. Enkeltverk frå samlinga vert jamleg formidla på Instagram med tekst og bilete.

Kvart år vert 4. og 9. trinn frå skulane i Kvam invitert til undervisningsopplegg i museet. Opplegget gir ei innføring i skulptur og Ingebrigt Vik sin kunst. I 2019 hadde museet også besøk av barnehageborn. Tilbod om omvising kvar sundag i sommarsesongen.

## Samarbeid med andre

Oseana kunst- og kultursenter lånte 12 bronseskulpturar av Ingebrigt Vik til ei utstilling i sommar. Utstillinga var del av Griegsamlingen si sommarutstilling, og stod frå 1.6 – 11.8. Øystese kyrkje lånar eit relieff i bronse til kyrkja, avtalen går for eit år om gongen og kan fornyas.

Utstillinga *HARRANG/HAVAAS/LILLEFOSSE* blei gjennomført med innlån frå UiB og Havås-samlinga på Granvin bygdetun.



Ingrid Sørheim Standal i Ingebrigt Vik museum. Foto: Kabuso

Borealis, festival for samtidsmusikk, og Kabuso samarbeida om ein konsert med ny-komponert musikk av fire komponistar. Konserten blei gitt som gåve til Vestlandsutstillinga og fekk eit stort publikum. Siderfestivalen og Kabuso organiserte Siderakademiet i lag, ein godt besøkt og triveleg kveld med føredrag og sidersmaking. Den nasjonale kulturminnedagen blei utvikla og gjennomført i samarbeid med Kvam herad og historielaget. Av andre kan nemnas Kakaokonsertane, som arrangeras i samarbeid med Kulturskulen, samt Senioruniversitetet med godt besøkte føredrag.

### Marknadsføring

Kabuso med Hardanger Skyspace og Ingebrigt Vik Museum har eit høgt aktivitetsnivå med fleire utstillingar, arrangement og konsertar gjennom året. Desse blir marknadsført gjennom egne foldarar, plakatar, annonsar både i regionale og nasjonale medier, samt sosiale medier: Facebook og Instagram, der me legg ut bilete og informasjonsmateriale jamleg.

Kabuso har eigen designar som utarbeidar det visuelle materialet, noko som merkbart lettar dette arbeidet og gjev det kvalitet.

### Besøk, kafe, butikk

Besøket på Kabuso er aukande. Bornas Kabuso er godt besøkt og må no reknast som ein stabil suksess. Publikumstalet kan nok bli betre på konsertane. Der har ein brukt tid på å utvikla nye strategiar på korleis nå eit større publikum, mykje inspirert av og i samråd med Norsk Publikumsutvikling. Hardanger Skyspace har hatt avgrensa tal på visningar grunna bygginga av Hardangerbadet i nabolaget, noko som har ført med seg mykje støy og lys-forureining. Hardanger Skyspace skal bli lettare tilgjengeleg når Hardangerfjord Hotell opnar i mars 2020. Med døgnopen resepsjon kan dei opne for besøkande på tider då Kabuso er stengd, ei avtale me er svært glad for.

Kafeen serverer populære lunsjrettar og kaffimat, med kortreiste råvarer og nye tilskot varierende etter sesong. Vareutvalet i butikk blir utvikla i tråd med eigen profil der kunst, leik, samtid, design og handverk er i fokus. Økonomisk bidreg kafeen med eit lite overskot til drifta.

Ei analyse av ressursbehov resulterte i at fire tilsette fekk auka sine stillingar og med det større ansvar, og ein person er knytt til Kabuso for booking og konsertar inkl. teknikk i sal, på oppdrag. I tillegg nyttar me ein ekstern tekniker i samband med montering og demontering av utstillingane. Ein person er knytt til Kabuso gjennom tiltak i regi av NAV, vedkommande arbeidar og på HFS med registrering av bøker og i kantina.

Personalet drog i oktober på studietur til vårt nabofylke Sogn og Fjordane. Ein vitja tusenårsstaden Gulatinget i Eivindvik og kunstnarbustaden Nordisk Kunstnarsenter i Dale, der me hadde samtaler med direktøren og budde to døger. Me var og innom Kunstmuseet i Førde, der me fekk omvising av formidlar og direktør.

Huset med kafé og konsertsal kan leigas, då både med servering og tekniske tenester samt vakthald. Kabuso har mellom anna Senioruniversitetet innom fast nokre gongar i året. Andre lag og næringar tek òg Kabuso i bruk til sine arrangement.

### Kvam bygdemuseum, Storeteigen

Opne dagar i perioden.

**23.04** Nøringen hadde bakstedag.

**26.05** Bakedag med korgfest og det tradisjonelle barnebryllaupet.

**24.06** JONSOK, med alle dei tradisjonelle aktivitetane: hesjing og ulike leiker for born. Sal av rome-graut, kaffi og kaker. Simone Hooymann viste ein animasjonsfilm i staburet.

**08.09** Nasjonal kulturminnedag i samarbeid med Kvam herad.

**13.12** Jolafest, med nisse, leiker ute og inne, verkstad og peparkakebaking, Simone Hooymann viste ein animasjonsfilm utandørs.

Kontakta med venelaget for Storeteigen blei oppretthalde. Dei har tidlegare gjennomført vårdugnad og er viktige bidragsytarar for den sosial drifta. Det blei mellom anna organisert dugnad med beskjering av epletrea.

### Besøk

Storeteigen har i perioden hatt 760 registrerte besøkande, fordelt på Jonsok, ein korgfest, overnatting frå vidaregåande skule på Voss, kulturminnedag, jolafest, skulebesøk og barnehagevitjing inkl. ein barnehage som overnatta på tunet, samt kunstnarar på arbeidsopphald.

Dei fasta arrangementa, mellom anna jonsok og jolafesten, blei organisert og gjennomført etter gamal modell. Både arrangementa samla mellom 70-90 besøkande. I tillegg har det vore krotakakebaking nokre gonger, besøk av skuleklassar og barnehagar i stovene. Elles brukar barnehagane bakkane og grindbygget på Storeteigen flittig, vanlegvis eit par gonger i veka. Det siste er besøk som ikkje registreras i statistikk.

Ei anna gruppe besøkande er kunstnarar som kjem for opphald i samband med utstillingar på Kabuso. Storeteigen har i perioden hatt 17 ulike kunstnarar buande på arbeidsopphald av kortare eller lengre varigheit.

### Hardanger fartøyvernseier

Me opna dørene for sommarsesongen 2019 den 2. mai. Arbeidet med aktivitetsbasert formidling heldt fram. Aktivitetsleiarane sitt arbeid er organisert slik at aktivitetsrettlegg kjem i sentrum. Me har fått mange positive tilbakemeldingar på denne metodikken. Me var også i år medarrangør av Hardanger trebåtfestival. I løpet av helga, som er årets travlaste ved museet, arrangerte me aktivitetar i Norheimsund sentrum og på fartøyvernseieret. Folk kunne også koma på korte fjordturar med Mathilde, og i samarbeid med klatreklubben var det også mogeleg å klatra i riggen. Me arrangerte også ei rekkje fagseminar i løpet av helga.

I august samarbeida me igjen med Veteranbilforeininga i bygda om eit «Wings and wheels» arrangement. Parkeringsplassen og plassen inne på HFS vart fylt opp av veteranbilar og i lufta kunne ein sjå småfly og luftakrobatikk. Arrangementet slo an både for små og store. Me hadde omlag 2500 besøkande denne eine augustdagen! Og omsetninga i kafeen var på omlag 75 000.

Me har gjennomført følgjande undervisningsopplegg for skulane: Alle andreklassingar i Kvam var med på opplegget «Besøk i småbåtverkstaden med spikkeaktivitet». Medan alle sjetteklassingane var med på opplegget «Ut og ro». Me gjennomførte også skuleopplegget om reipslagarfaget for alle 8. klassingane i Kvam. Desse opplegga er ein del av Den kulturelle skulesekken.

Mathilde gjekk i 2019 10 veker med leirskule i løpet av våren og hausten. Me hadde dermed bortimot fullt belegg på leirskulen. Me gjekk i tillegg to museumstokt. Dette er tokt retta mot skular i Hordaland kor me går dagsturar for skuleklassar. Me gjekk slike tokt i til saman 5 veker i 2019. Ut over dette gjekk me 3 veker tokt for kundar i løpet av sommaren, og nokre overnattings-utleigetokt vår og haust, og også nokre korte tokt for ulike kundar. Mathilde var til stades under Skutedagane i Rosendal i august då ferdig restaurering og rehabilitering av hardangerjakta Anna Gurine vart markert.

I løpet av året arrangerte me 8 maritime fagarrangement for ålmenta, eit tredagars verktøyseminar og eit kurs i åremaking.

I 2019 hadde me totalt 19 383 besøkande mot 17 961 besøkande i 2018. Dette var ein oppgang på i underkant av 8%. Oppgangen fordel seg over heile året, med ein serskild god besøksoppgang i august månad. I tillegg var det registrert 800 besøkjande på yachten vår, Faun, som går turar og ligg ved Nordåsvannet i Bergen i sommarsesongen i regi av venelaget til båten.

I år har 4,1 millionar personar sett reipslagarane våre laga tau av tjæra hamp med utdrivarteknikk; 200.000 sett skipssmeden Seppe smi beslag til Nordlandsjenta Anna Karoline og 180.000 har sett Peter laga vestlandsårer. I samarbeid med fartøyvernseieret har vi laga ein




Mathilde på fjorden. Foto: Hardanger fartøyvernseier

instruksjonsvideo om driving og beking av dekk - ein litt lengre video tettpakka med praktisk og teknisk informasjon, men som også er interessant å sjå for eit ufaglært publikum. Denne har blitt sett 345.000 gonger på Facebook, og vitnar om ei stor interesse for fagleg innhald. I HVM har me unike resultat på formidling gjennom Instagram og Facebook. Hardanger fartøyvernseier er Norges største museum på Facebook, og har no 174.000 fylgjarar. Satsing på å nytta sosiale media gjer både museet og tenestene våre meir synlege og er ein effektiv måte å driva formidling på. Gjennom delingar, kommentarar og «likes» er våre digitale gjester med på å spreia kunnskap og engasjement rundt dei tradisjonelle handverksfaga.

I brytninga mellom forvaltning av handverksfag og formidling jobbar småtbyggjaren og reipslagarane. Reipslagarane har gjennom året avslutta riggejobben på Anna Karoline. Dei har også lagd tau til fleire kundar, mellom anna har det i fleire omgangar vorte slått ein del større dimensjonar på reperbana Elvengen i Sverige. Reipslagarane har også arrangert kurs i 2019. Det har også vorte utført dokumentasjonsarbeid knytt til kunnskap om gaffelrigg, utdrivarteknologi, holdbarhet og styrke i reip behandla med ulike impregneringsmiddel.

I småbåtverkstaden har me i løpet av året bygd ein strandebarmar på spekulasjon, me har også gjennomført fleire reperasjonsoppdrag og førebudd tilbod på fleire nybygg som vil bli realiserte i 2020. På våren gjennomførte verkstaden eit vellukka kurs i åremaking for eksterne kundar. På hausten vart det gjennomført eit stort dokumentasjonsprosjekt med kartlegging og dokumentasjon av alle båtene i fjorden som er frå 1800-talet. Også i 2019 var verkstaden sentral i planlegginga og gjennomføringa av verktøyseminaret. tema i 2019 var sag.

Det er arrangert torsdagsforedrag gjennom heile året. Foredraga er godt besøkt og har den maritime historia som raud tråd.



Arbeid på Fremad II. Foto: Silje Ensby

## Fartøyvern

### Generalplanen «Tett på» og læringsarena bygningsvern

Generalplanen for alle bygg og uteområdet vart sett i gang hausten 2015 under namnet «Tett på». Planen syner korleis fartøyvernssenteret kan utvikla seg. Nabobygget, mot sentrum, vart kjøpt i januar 2016. Det tidlegare næringsbygget på eigedommen fekk namnet Kulturnaustet. HVM fekk 1 million kroner frå fylket sine kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift til arkitekt hjelp og prosjektering. Prosjekteringsarbeidet vart gjennomført i 2018 og 2019. Generalplanen med alle tiltak har ein sluttsum på om lag 100 mill. kroner. Arbeidet med generalplanen for Hardanger fartøyvernssenter og ombygging av Kulturnaustet har kome eit steg vidare ved at detaljprosjektinga av Kulturnaustet nærmar seg slutføring. Prosjektet vart godkjent av Norsk kulturråd i 2019 i høve ordninga Nasjonale kulturbygg i Kulturdepartementet. Framleis er det nokre uavklarte spørsmål omkring smie/mekanisk verkstad og lager.

HVM signerte i september 2018 ein intensjonsavtale med Hordaland tekniske fagskole om samarbeid. Hordaland tekniske fagskole fekk kort etter godkjent nytt studium «Klassisk restaurering og bygningshandverk» for tømrrarar. Ein ny læringsarena eller utdanningsverkstad måtte dermed byggjast ved Hardanger og Voss museum. HVM søkte fylkeskommunen og fekk eit tilskot på rundt 1,3 mill. kroner (museumsløftmidlar) til ein utdanningsverkstad i Kulturnaustet. På under 1 år stod lokala klare til opning ved statssekretær Rotevatn den 19. juni 2019. Fagskuletilbodet starta i august med 15 studentar frå heile landet. Dette er eit nytt og spanande tiltak der HVM får eit samarbeid med fleire kompetansmiljø og verksemder i region Vestland om opplæring og kurs innan tømrrarfaget og bygningsvern.

HVM fekk i juni 2019 tilskot på kr 500 000 frå Hordaland fylkeskommune gjennom fylkestinget til ekstra kostnader ved utdanningsverkstaden, herunder midlar for å utgreia

eit liknande fagtilbod for fartøyvern som fag. HVM v/ fartøyvernssenteret er og peikt på som lokalitet i Noreg som er aktuelle for samarbeid med NTNU om gjennomgåande studieløp i tradisjonelle bygghandverk (bachelor, master og Phd).

HVM har starta arbeidet med å vurdere korleis dei flotte lokala kan nyttast til andre kurs og av vidaregåande skular når lokala er ledige.

Med stønad frå Hordaland fylkeskommune engasjerte HVM Atle Ove Martinussen som prosjektleiar for å laga ein rapport og ei «Kartlegging og vurdering av handverkarar innan bygningsrelaterte fag i Vestland» i samband med etablering av ein læringsarena ved Hardanger fartøyvernssenter. Rapporten var klar i september 2019 og foreslår tiltak for å etablere eit handverkarnettverk i Vestland. Martinussen søkte fylkeskommunen om Erasmus-midlar for HVM. HVM arrangerte studietur til Skottland i april med deltakarar frå HVM, Hordaland fylkeskommune og Teknisk fagskole i Hordaland. HVM er tildelt nye Erasmus-midlar for studieturar til Frankrike og til Tyskland i 2020 og besøk ved bygningsvernssenter for å knytta internasjonale kontaktar.

Læringsarena bygningsvern eller utdanningsverkstaden vart bygd i Kulturnaustet og stod ferdig i 2019. Her har HVM søkt om og fått ca. 1,7 millionar kroner frå Hordaland fylkeskommune og har nytta ca. kr 160 000 av eigne midlar.

Hardanger fartøyvernssenter byrja i 2017 arbeidet med å forbetra hamneforholda ved verftet. Vi fekk tilsegn om midlar frå Riksantikvaren å byggja ein bølgedempar (flytebrygge). Arbeidet vart vidareført i 2018 og vart fullført i 2019. Det gjev ei lunare og betre hamn når sør-austleg vind står inn sundet.

I alt har HVM per 2019 tilsagn om 34 millionar kr til prosjektet «Tett på» inkludert lån, og vona er fullfinansiering og realisering innan 2021/2022.



Sveinung Rotevatn opna læringsarena ved Hardanger fartøyvernssenter. Foto: Lars Arvid Oma



Hardingfele. Foto: Elisabeth Emmerhoff

## Særlege prosjekt

### Hardingfela.no

Hardingfela.no har også i 2019 vore ei av dei viktigaste satsingane ved Hardanger og Voss museum. Samarbeidet med Ole Bull Akademiet har skapt ein ny giv for rekruttering, opplæring og fokus på hardingfela som instrument, og sjølvstøtt musikken og dansen knytt til instrumentet. Hovudmålet med Hardingfela.no er å gje hardingfelemiljøet gode vekstvilkår, og auke interessa og forståinga for hardingfela, folkemusikken og folkedansen lokalt, regionalt og nasjonalt. Vi ønskjer også å bringa tradisjonsmusikken og tradisjonsdansen ut i verda til eit stort publikum. Sist men ikkje minst arbeider Hardingfela.no for å sikre at tradisjonar og handlingsboren kunnskap rundt instrumentbygging, musikk og dans blir dokumentert og vidareført.

Det største delprosjektet i Hardingfela.no er Folkedans i Hordaland. Prosjektet fekk kulturelt utviklingsprogram (KUP)-midlar frå Hordaland fylkeskommune i fleire år fram til og med 2019. Folkedanssatsinga har lagt grunnen for den 3-årige ungdomssatsinga *Bygda dansar*, som endeleg kom til Hordaland hausten 2019. Det er Senter for folkemusikk og folkedans i Trondheim som driv *Bygda dansar* i tett samarbeid med lokale aktørar som t.d. hardingfela.no. *Bygda dansar* er allereie godt i gang, og til saman er håpet at dette stimulerer danselysta og dansegleda for alle aldersgrupper i heile Hordaland.

Hausten 2018 sette alle 8 kulturskulane i Hardanger og Voss i gang folkekultur-opplæringa *Nøringen*, der born i alderen 4-6 år får opplæring i den lokale folkekulturen i eigen kommune. Initiativet til *Nøringen* kom frå Hardingfela.no

som også skaffa finansiering til prøveåret med *Nøringen*. I 2019 laut kulturskulane sjølve finna ut om det var plass til *Nøringen* innanfor deira egne budsjett, og om dei ville fortsetje. *Nøringen* har fortsatt på Voss (2 grupper), i Kvam (2 grupper), i Ulvik og Granvin. Nye Ullensvang kommune og Eidfjord skal finna si form på vidareføringa av *Nøringen*. Så prøveåret med *Nøringen* har verkeleg bore frukter, og HVM veit at ideane og erfaringane er plukka opp i mellom anna Oslo der ein variant av *Nøringen* er under utvikling.

Prosjektet er eigd av Hardanger og Voss Museum og Ole Bull Akademiet. Rannveig Djønne er prosjektkoordinator for hardingfela.no (80%), medan Magni Rosvold er prosjektleiar for Folkedans i Hordaland (50 % i Folkedans i Hordaland og 50 % som prosjektmedarbeidar for *Bygda Dansar* frå 01.09.19).

Rådet for hardingfela.no består av Arne Jordan frå Hardanger Spelemannslag, Lars Gjelland frå Voss Spelemannslag, Silje Solberg frå Hordaland Folkemusikklag, Øystein Rambjør frå Hordaland Ungdomslag, Wenche Gausdal frå Hordaland Fylkeskommune, Randi Bårtvedt frå Hardanger og Voss museum og Jo Asgeir Lie frå OBA. Rådet hadde to møter i 2019, og innstiller m.a. til Hordaland Fylkeskommune sine folkemusikk og folkedansstipend som vert delte ut under Osafestivalen. Vinnarane i 2019 var: Ole Gjerde (kr. 50 000), Kjersti Wiik (kr. 50 000), Johanna Mjeldheim (kr. 25 000), Ingrid S. Sørheim (kr. 25 000).

**Master Class Hardanger (MCH):** Hardingfele med Knut Hamre som hovudlærer. 8 elevar vart ferdige med speletimane våren 2019. 8.februar hadde elevane kurs med Anne Hytta på Hardanger Folkemuseum på Utne. Same



dag arrangerte hardingfela.no også kvedarkurs med Øyonn Groven Myhren som lærar. Tema var balladar, og det var 6 deltakarar på kurset.

**Nøringen:** Kulturskuletilbod i alle Hardangerkommunane og på Voss med kulturarv som tema og folkemusikk og folkedans som den raude tråden. 80 påmelde born med, samt alle barnehagane i Odda og Jondal. 8 kulturskular og 15 lærarar som vart koordinert av hardingfela.no. Dette har vore eit særskilt vellukka og arbeidskrevjande prosjekt, og sluttrapporten for Nøringen 2018/2019 er skriven. Nøringen fortset i regi av kulturskulane i Granvin, Ulvik, Voss (to grupper) og Kvam (to grupper). Eidfjord og nye Ullensvang kommune jobbar med vidareføring med opplegg i barnehagane. Spelemannslaga jobbar med miljøskaping for borna med helgesamlingar m.m. og hardingfela.no jobbar vidare med kompetanseheving for tilsette i barnehagane. Nøringen hadde eigen vellukka avslutningskonsert i Fjordahallen under Hardanger Musikkfest. Hardingfela.no fekk også i oppdrag frå Hordaland Fylkeskommune til å setje i hop eit innslag med Nøringenborn til markeringa av konstituering av Vestland fylke i Håkonshallen. Det vart eit vellukka innslag med Nøringenborn frå Granvin og Voss, unge hardingfelespelarar frå Voss og dansarar frå Stryn.

**Oldefars Dansemoves:** Magni Rosvold og Johanna Mjeldheim vitja 1.-9 klasse i Jondal i mars. Oldefars Dansemoves var også på Mølstertunet i april og mai der 9 klassar frå Voss fekk opplæring av Magni Rosvold og Helena Kjepso. Oldefars Dansemoves vart også presentert under Folkelarm i Oslo.

**UngOsa:** Storkurset UngOsa vart arrangert av hardingfela.no v/Magni Rosvold for 4. gong i 2019. Ynskjet for UngOsa er å auke satsinga på kurs for born og unge monaleg under festivalen, der kursdeltakarane får oppleve delar av

festivalen både som publikum og deltakarar. Målgruppa for UngOsa 2019 var utøvarar frå 7 til 18 år på hardingfele, toradar, vokal og dans. Deltakarane vart delt inn i grupper etter aktivitet og nivå. Kurset gjekk over tre dagar, fredag til sundag, med ein avsluttande, stor felles konsert sundag. Alle deltakarane og lærarane deira hadde sett saman eit fint program i foajeen i Gamlekinoen. Denne konserten var ein del av det ordinære festivalprogrammet til Osafestivalen. Laurdag føremiddag var deltakarane med til Osasalen og fekk oppleve familieførestillinga til Jens Linell. Deltakarane hadde eigen sjokoladekappleik på laurdagen og fekk også bli med på dansen på Ole Bull Akademiet.

Instruktørane under UngOsa i 2019 var: Arngunn Timenes Bell (hardingfele), Hallgrim Skjerdal (hardingfele), Johanne Flottorp (hardingfele), Kristin Himle (toradar), Håvard Ims (toradar), Elin Pehrson Grytting (song), Karen Fadnes Brattebø (song), Tuva Færden (dans), Vilde Westeng (dans), Alexander Aga Røystrand (dancespelemann)

I tillegg til undervisning i grupper hadde deltakarane også ei fellesøkt med dans laurdag ettermiddag.

I 2017 var det 46 deltakarar på kurset, i 2018 var talet 58 og i 2019 46 deltakarar.

**Konsertar:** Trioen Felefyllje som har hatt konsertar i museumstuna m.m. i regi av hardingfela.no vart i år erstatta av solokonsertar med utøvarar knytt opp mot dei ulike museumsavdelingane i juli månad: Jonas Laupsa (hardingfele): Hardanger Folkemuseum, Agatunet og Skredhaugen. Siri Nordgård (toradar): Mølstertunet. Ingrid Standal Sørheim (toradar): Hardanger Fartøyvernssenter, Kabuso og Steinsdalsfossen. Utøvarane spelte 3 konsertar a'20 minutt kvar 5 dagar i veka. Til saman hadde dei 207 konsertar, og dei vart særskilt godt mottekne av både lokalt publikum og tilreisande.

#### **Samarbeid med andre og ulik danseopplæring:**

- Samarbeid med BUL Ervingen: DKS-besøk på m.a. Sæle Oppveksttun, Kalvatreet skule
- Samarbeid med Strilaringen: 3 kveldar med opplæring av 30 lærarar i barnehage og skule
- Danseopplæring på Voss gymnas og Voss Vidaregåande
- Dansens Dagar på Voss 27.-29.april. M.a. workshop og førestillingar med Kartellet.
- Konserten Veslefrikk saman med Voss spelemannslag. Øvingshelger og konsertar i januar/februar
- Dans, spel og song – alt på ei gong i Granvin 8.-10. mars. Samarbeid med Hardanger Spelemannslag i høve kursdelen for dei yngste
- Hordakappleik på Os 23.mars. Dansemoro for born og vaksne
- Open dag på Ole Bull akademiet 30. mars
- Vandretstillinga «Musea dansar» i regi av Voss folkemuseum. Opning 12.april
- Samarbeid med Hardanger Musikkfest og Hordaland Fylkeskommune som nemnt under Nøringen
- Jonsokdans i samarbeid med Voss ungdomslag, Voss spelemannslag, Ekstremsportveko og Fleischers

hotell. Dansespel og dans i samband med opninga av Ekstremsportveko 2019 23.juni

- «Barnetimen» i samarbeid med Landsfestivalen i Kinsarvik 8.-10. august.
- Samarbeid med Osascena (tidlegare Voss folkemusikkscene) om familforestillinga «Danse sa fela!» på Vandreutstillinga «Museene danser» sin siste utstillingsdag på Voss folkemuseum 1.september
- Samarbeid med Voss spelemannslag og Voss ungdomslag om 2 dagars kurs for elevar på vidaregåande/lærlingar på Voss.
- 4 «Dans for ungdom»-øvingar på Voss hausten 2019
- Prosjekt Bjørnafjorden med m.a. dans med 10.klasse på Fusa Ungdomsskule
- Introduksjonskurs for unge instruktørar i dans 28. september. Kurset fann stad i Bergen. Samarbeid med BulErvingen. 5 deltakarar. Desse kom frå Bergen, Voss og Kvam. Kurset innehaltd både praktiske og teoretiske øvingar og refleksjonar og gjekk over 3 timar.
- «Haustferiedans» for born på mellomtrinnet på Voss. 1 times drop-in kurs. Her kom det 3 særns engasjerte og interesserte 5-klassingar. Arne Anderdal spelte til dans.
- Offisiell opning av Bygda dansar Hordaland 26.oktober. Samarbeid med Norsk senter for folkemusikk og folkedans
- Samling for born og unge som var med på utstillingsopninga av Bunadsbonanza i Oseana 2. november. Her deltok både felespelarar og dansarar.
- Instruksjon av 6 elevar ved Voss gymnas som skulle dansa halling på Russerevnen.

#### Andre kurs, møter og seminar hardingfela.no har arrangert og/eller vore med på:

- Samling og seminar for lærarane i Nøringen i Granvin 18.februar
- Folkedanssalong på Os 21.februar
- Presentasjon av hardingfela.no for Kulturdepartementet
- Samrådsmøte folkedansen (Oslo) 6.mai og 27.november
- Fagdagar Bygda dansar (Trondheim). Presentasjon av hardingfela.no 15.mai
- Folkedanssalong – Bygda dansar til Hordaland. På Voss 4.juni
- Fylkesadministrasjonen på besøk på Voss. Presentasjon og underhaldning/ lynkurs i springar 6.juni
- Presentasjon for fylkespolitikarar- KIRU i Flåm 18.juni
- Møte med ungdommar som dansar på Voss 20.august
- Møte med Husflidslaga i Os og Fusa i samband med ynskje om dans med lokale folk til opning av bunadsutstilling. 26.august
- Folkedanssalong i Arna 24.september
- Samrådsmøte BulErvingen. Informasjon til særslaga i BUL om arbeidet i hardingfela.no, dansesatsinga og Bygda dansar.
- Oppstartsmøte for «Morgondagens felemakarar» i desember
- Deltaking på informasjons- og styremøter med ulike lokale prosjekt og lag/ miljø (Spelarhola, Hardanger spelemannslag, Voss spelemannslag, Osterøy spel- og dansarlag, Os spelemannslag, Os ungdomslag, Hordaland folkemusiklag)

#### Fartøyrestaurering

Nordlandsjekta Anna Karoline utgjer hovudattraksjonen på det nye jektefartsmuseet i Bodø. Dette var eitt av dei største prosjekta i første tertial, og vart avslutta i denne omgang med opprigging. Grunnlaget for arbeidet var omfattande undersøkingar av kjelder, både med omsyn til skrog og rigg. Nordlandsmuseet var svært nøgd med samarbeidet og museet opna 22. juni 2019.

MK Fremad II er det største restaureringsprosjektet HFS har hatt i 2019. Dette er eit omfattande og komplekst prosjekt. Det er dermed òg eit prosjekt som tilfører HFS mykje kompetanse. I løpet av 2019 har det kome eit godt stykke vidare og ein ser no føre seg sjøsetjing i 2020 og ferdigstilling i 2021, under føresetnad av løyvingar til prosjektet.

HMT: Pålegg frå Arbeidstilsynet ga oss høve til å innføre digitalt stoffkartotek og vurdere trong for avsug og ventilasjon i fleire verkstader.

1. Pålegg – bruk av arbeidsutstyr – dokumentert sikkerhetsopplæring. Dette pålegget er lukka.
2. Kjemisk helsefare – kartlegging og risikovurdering. Digitalt system for stoffkartotek, SafeUse, er etablert. Risikovurdering er gjennomført. All dokumentasjon er klar og er sendt arbeidstilsynet 15.11.19.
3. Pålegg – kjemisk helsefare – tiltak ventilasjon og prosessavsug. Arbeid pågår saman med Bedriftshelse1 om kartlegging og HFS har dialog med ventilasjonsfirma for utbetringar i verkstadane. Søknad om utsett frist vart sendt 15.11.2019

#### Hardanger fartøyvernssenter – fartøy

Museet har forvaltningsansvar for fire fartøy. I 2019 har hardangerjakta **SJ Mathilde** som vanleg fått godt vedlikehald, vore på slipp og blitt inspisert av Sjøfartsdirektoratet. SJ Mathilde fekk ny hjelpemotor i august 2019 og nedgangskappa forut vart bygd opp igjen grunna roteskader. Elles har det vore ordinært vedlikehald og oppfølging men ein merkar at det er 30 år sidan fartøyet vart restaurert. MK Vikingen kom berre delvis i drift til sesongen 2019, ein må gjere ein utbetring på den nyoverhalte maskina før neste sesong. På MY Faun har museet i samarbeid med venelaget gjennomført ordinært vedlikehald. Fartøyet har i regi av venelaget vore i drift i Bergensområdet og delteke på fleire festivalar.

**MF Folgefonn I** har i 2019 vore i tørrdøkk ved Bredalsholmen Døkk og fartøyvernssenter i Kristiansand (BDF). Stålskroget er sandblåst og ein har teke til å skifte ut skadde plater i skroget. Arbeidet med utskifting av plater stoppa opp i mars ettersom løyvinga frå Riksantikvaren då var brukt opp. Stoda omkring manglande finansiering av oppdrag ved BDF førde i 2019 til ein alvorleg situasjon, ved at tre handverkarar slutta. BDF greidde å kome seg ut av situasjonen økonomisk ved permitteringar og streng økonomistyring.

# Resultatrekneskap


Beløp i tusen norske kroner	Note	2019	2018
<b>Driftsinntekter</b>			
Salgsinntekter		18 502	23 467
Tilskot og gaver	10	36 556	43 771
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>55 057</b>	<b>67 239</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Varekostnader		3 467	5 532
Personalkostnader	11	35 078	35 768
Av- og nedskrivninger	2	1 107	939
Andre driftskostnader	11,12	16 644	22 564
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>56 297</b>	<b>64 803</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-1 240</b>	<b>2 436</b>
<b>Finansposter</b>			
Andre finansinntekter		265	272
Andre finanskostnader		238	219
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>28</b>	<b>53</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-1 212</b>	<b>2 489</b>
<b>Disponering av årsresultat</b>			
Til/frå anna egenkapital		1 212	-2 489
<b>Sum disponering</b>		<b>1 212</b>	<b>-2 489</b>






# Balanse

Beløp i tusen norske kroner	Note	31.12.2019	31.12.2018
<b>Eigendeler</b>			
<b>Immaterielle eigendelar</b>			
Lisensar, kjøpt		158	197
<b>Sum immaterielle eigendelar</b>		<b>158</b>	<b>197</b>
<b>Anleggsmidlar</b>			
Eigedom		18 584	16 050
Inventar, maskiner og utstyr		1 973	2 110
Transportmidlar		168	190
Ikkje avskrivbare anleggsmidlar		3 875	3 875
<b>Sum varige anleggsmidlar</b>	<b>2</b>	<b>24 598</b>	<b>22 225</b>
<b>Finansielle anleggsmidlar</b>			
Eigenkapitalinnskot pensjon	8	1 309	1 179
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>25 908</b>	<b>23 404</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Varer	3	4 130	3 905
Kundefordringar	4	1 509	3 306
Andre fordringar	4	1 519	5 073
Bankinnskot, kontantar og liknande	5	11 384	6 365
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>18 542</b>	<b>18 649</b>
<b>Sum eigendelar</b>		<b>44 608</b>	<b>42 251</b>
<b>Gjeld og eigenkapital</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskutt eigenkapital</b>			
<b>Grunnkapital</b>		<b>279</b>	<b>229</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Anna eigenkapital		11 732	12 843
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>6</b>	<b>12 010</b>	<b>13 072</b>
<b>Langsiktig forplikting</b>			
Pensjonsforplikting	8	11 956	10 622
Uopptent investeringstilskot		3 236	694
<b>Sum langsiktig forplikting</b>		<b>15 192</b>	<b>11 316</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Lån i bank	4, 7	4 862	6 140
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>4 862</b>	<b>6 140</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		2 063	1 872
Skuldige offentlege avgifter		1 441	1 713
Skuldige feriepengar		2 973	2 982
Forskotsbetalingar	9	4 819	3 633
Anna kortsiktig gjeld		1 248	1 522
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>12 544</b>	<b>11 723</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>32 598</b>	<b>29 179</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>44 608</b>	<b>42 251</b>

Norheimsund, 25. februar 2020


Sigrid Brattabø Handegard  
Fungerande styreleiar

Anne-Sofie Lutro  
Styremedlem

Brit Aksnes  
Styremedlem

Toralv Mikkelsen  
Styremedlem

Agnete Sivertsen  
Styremedlem

Asbjørn Tolo  
Styremedlem

Alexander Günther  
Styremedlem

Randi Bårtvedt  
Direktør

# Kontantstrømoppstilling

## Indirekte modell

Beløp i tusen norske kroner	Note	2019	2018
<b>Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>			
Resultat før skattekostnad		-1 212	2 489
Gevinst/tap ved sal av anleggsmidler		-98	
Askrivingar	2	1 107	939
Endring i varelager	3	-225	-109
Endring i kundefordringar	4	1 797	-2 140
Endring i leverandørgjeld		191	-3 908
Endring i andre tidsavgrensningspostar		8 178	-4 067
<b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>		<b>9 739</b>	<b>-6 796</b>
<b>Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>			
Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmiddel		-3 461	-1 747
Utbetalinger ved kjøp av immaterielle eigendeler		20	-80
<b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>	<b>2</b>	<b>-3 441</b>	<b>-1 827</b>
<b>Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>			
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld		-1 279	-252
<b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>	<b>4</b>	<b>-1 279</b>	<b>-252</b>
<b>Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar</b>		<b>5 019</b>	<b>-8 875</b>
<b>Effekt av valutakursendringar på kontantar og kontantekvivalentar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kontantar og kontantekvivalentar per 01.01.</b>		<b>6 365</b>	<b>15 240</b>
<b>Kontantar og kontantekvivalentar per 31.12.</b>		<b>11 384</b>	<b>6 365</b>
Denne består av			
Bankinnskott og anna		11 384	6 365

# Notar

## Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Hardanger og Voss museum vart etablert som stifting den 17. januar 2006 under namnet Hardanger museum med forretningsstad 5778 Utne. Frå 1.1.2008 vart Voss folkemuseum konsolidert med Hardanger museum, museet endra då namn til Hardanger og Voss museum. Hardanger og Voss museum er eit konsolidert museum som består av einingane Hardanger Fartøyvernssenter, Kabuso, Ingebrigt Vik museum, Hardanger Skyspace, Kvam bygdemuseum, Hardanger folkemuseum, Agatunet, Granvin bygdemuseum og Voss folkemuseum. Frå 1.1.2016 vart stiftelsen Dagestadmuseet fusjonert med stiftinga Hardanger og Voss museum.

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

### *Bruk av estimat*

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med rekneskapslova krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av museet sine rekneskapsprinsipp at leiinga må utøve skjønn. Område som i stor grad inneheld slike skjønnsmessige vurderingar, høg grad av kompleksitet eller område der forutsetningar og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er beskreve i notane.

### **Salsinntekter**

Inntekter ved sal av varer og tenester vert vurdert til verkeleg verdi av vederlaget, netto etter frådrag for meirverdiavgift, returar, rabattar og andre avslag. Sal av varer vert resultatført når stiftinga har levert produkta sine til kunden og det ikkje er uoppfylte forpliktingar som kan påverke kunden sin aksept av leveringa. Levering er ikkje foretatt før produkta er sendt til avtalt stad og risiko for tap og ukurans er overført til kunden. Erfaringstal vert brukt for å estimere og rekneskapsføre avsetningar for rabatt og retur på salstidspunktet. Avsetning til forventa garantiarbeid vert ført som kostnad og avsetning for forpliktingar. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert utført.

### **Tilskot og gåver**

Mottatte tilskot med klare føringar på bruk vil vere gjenstand for periodisering til tilhøyrande aktivitet. Gåver vert inntektsført på mottakstidspunktet.

### **Leigeavtalar**

Leigeavtalar vert klassifisert som finansiell eller operasjonell i samsvar med avtalens reelle innhald. Dersom det vesentlegaste av økonomisk risiko og kontroll knytt til det underliggende leigeobjektet har gått over på leigetakar vert leigeavtalen klassifisert som finansiell, og eigendeler og forpliktingar vert balanseført. Andre leigeavtalar vert klassifisert som operasjonelle. Ein leigeavtale som inneheld både ein rett og ei plikt til å kjøpe leigeobjektet ved utløpet av leigeperioden vert vurdert som kjøp på avbetaling.

### **Klassifisering av balansepostar**

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk vert klassifisert som anleggsmidlar. Eigendelar som er knytt til varekretsløpet vert klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar vert klassifisert som omløpsmidlar dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år. For gjeld vert analoge kriteriar lagt til grunn. Fyrste års avdrag på langsiktige fordringar og langsiktig gjeld vert likevel ikkje klassifisert som omløpsmidlar og kortsiktig gjeld.

### **Anskaffelseskost**

Anskaffelseskost for eigendeler omfattar kjøpesummen med frådrag for bonus, rabatt og liknande, og med tillegg for kjøpsutgifter (frakt, toll, offentlege avgifter som ikkje vert refundert på andre direkte kjøpsutgifter). Ved kjøp i utanlandsk valuta vert eigendelen balanseført til kursen på transaksjonstidspunktet. For varige driftsmidlar og immaterielle eigendelar omfattar anskaffelseskost og direkte utgifter for å klargjere eigendelen til bruk, for eksempel utgifter til testing av eigendelen. Renter knytt til tilverknad av anleggsmidlar vert kostnadsført.

### **Immaterielle eigendeler**

Utgifter til egne utviklingsaktivitetar vert løpande kostnadsført. Utgifter til andre immaterielle eigendeler vert balanseført i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar immateriell eigendel og utgiftene kan målast påliteleg. I motsett fall vert slike utgifter løpande kostnadsført. Balanseført utvikling vert avskriven lineært over økonomisk levetid.

### **Varige driftsmidlar**

Tomter og kunst vert ikkje avskrive. Andre varige driftsmidlar vert balanseført og avskrives lineært over driftsmidlane si forventa utnyttbare levetid. Ved endring i avskrivingsplan vert verknaden fordelt over gjenværande avskrivingsstid ("knekkpunktmetoden"). Vedlikehald av driftsmidlar vert løpande kostnadsført som driftskostnader. Påkostningar og forbetringar vert tillagt driftsmiddelet sin kostpris og avskrives i takt med driftsmiddelet. Skiljet mellom vedlikehald og påkostning/forbedring vert rekna i høve driftsmiddelet sin tilstand på anskaffelsestidspunktet. Leigde (leasa) driftsmidlar vert balanseført som driftsmidlar om leigekontrakten er å ansjå som finansiell.

Investeringsstilskot er primært øymerka ein spesifikk investering og vert registrert etter nettometoden for å få betre samsvar mellom verkeleg verdi og framtidige kontantstrømmar. Unntaket er dersom verkeleg verdi er vurdert å vere intakt. Investeringsstilskota vert då registrert etter bruttometoden som langsiktig gjeld i balansen og resultatført i takt med avskrivingsprofilen på tilhøyrande driftsmiddel.

### **Nedskrivning av anleggsmiddel**

Ved indikasjon på at balanseført verdi av eit anleggsmiddel er høgare enn verkeleg verdi vert det testa for verdifall. Testen vert gjort for det lågaste nivå av anleggsmidlar som har sjølvstendige kontantstrømmer. Dersom balanseført verdi er høgare enn både salsverdi og gjennvinnbart beløp (noverdi ved fortsatt bruk/eige), vert det foretatt nedskrivning til det høgaste av salsverdi og gjennvinnbart beløp. Tidlegare nedskrivningar, med unntak for nedskrivning av goodwill, vert reversert dersom føresetnadene for nedskrivning ikkje lenger er til stades.

### **Varelager**

Varer vert vurdert til det lågaste av anskaffelseskost (etter FIFO-prinsippet) og verkeleg verdi. For råvarer vert gjenanskaffelseskost brukt som tilnærming til verkeleg verdi. For ferdig tilverka varer og varer under tilverknad består anskaffelseskost av utgifter til produktutforming, materialforbruk, direkte løn og andre direkte og indirekte produksjonskostnader (basert på normal kapasitet). Verkeleg verdi er estimert salspris fråtrukke utgifter til ferdigstilling og sal. For varer som ikkje er ferdig tilverka vert variable utgifter som er naudsynt for å selje ferdige varer og faste tilvirkningskostnader inkludert.

### **Anleggskontrakter**

Arbeid under utføring knytt til fastpriskontraktar med lang tilvirkningstid vert vurdert etter løpande avreknings metode. Fullføringsgrada vert berekna som påløpte kostnader i prosent av forventa totalkostnad. Totalkostnaden vert løpande revurdert. For prosjekt som antas å gje tap, vert heile det berekna tapet umiddelbart kostnadsført.

### **Fordringar**

Kundefordringar vert ført i balansen etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane og ei tilleggsavsetning som skal dekke andre påreklelege tap. Vesentlege økonomiske problem hjå kunden, sannsynligheit for at kunden vil gå konkurs eller gjennomgå økonomisk restrukturering, utsettingar og manglar ved betaling vert brukt som indikator på at kundefordringar må nedskrivast.

Andre fordringar, både omløpsfordringar og anleggsfordringar, vert registrert til det lågaste av pålydande og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er noverdien av forventa framtidige innbetalingar. Det vert ikkje foretatt ei neddiskontering når effekten av neddiskontering er uvesentleg for rekneskapen. Avsetning til tap vert vurdert på same måte som for kundefordringar.

### **Utanlandsk valuta**

Fordringar og gjeld i utanlandsk valuta vert vurdert etter kursen ved rekneskapsåret sin slutt. Kursgevinstar og kurstap knytt til varesal og varekjøp i utanlandsk valuta vert ført som salsinntekt og varekostnad. Stiftinga brukar ikkje terminkontraktar.

### **Gjeld**

Gjeld, med unntak for enkelte avsetningar for forpliktingar, vert balanseført til nominelt gjeldsbeløp.

### **Garantiarbeid/reklamasjonar**

Garantiarbeid/reklamasjonar knytt til avslutta sal vert vurdert til antatt kostnad for slikt arbeid. Estimaten vert berekna med utgangspunkt i historiske tal for garantiarbeid, men korrigert for forventa avvik på grunn av for eksempel endring i kvalitetssikringsrutiner og endring i produktspekter. Avsetninga vert ført opp under "Anna kortsiktig gjeld" og endring i avsetninga vert kostnadsført.

### **Pensjon**

Stiftinga har ytelsesbasert pensjonsordning. Pensjonsordninga er finansiert gjennom innbetalingar til forsikringselskap, med unntak av AFP-ordninga.

#### *Ytelsesplanar*

Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som ikkje er ein innskotsplan. Typisk er ein ytelsesplan ei pensjonsordning som definerer ein pensjonsutbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Pensjonsutbetalinga er normalt avhengig av fleire faktorar som alder, antal år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedagen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane (innbetalte beløp til forsikringselskap), justert for ikkje resultatførte estimatavik og ikkje resultatførte kostnader knytt til tidlegare periodars pensjonsopptening. Pensjonsforpliktinga vert berekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode.

Planendringar vert amortisert over forventa gjenverande oppteningstid. Det same gjeld estimatavik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige forutsetnadene, i den grad dei overstig 10% av den største av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor).

### **Skattar**

Stiftinga er ikkje skattepliktig.

### **Kontantstrømoppstilling**

Kontantstrømoppstillinga vert utarbeida etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalenter omfattar kontantar, bankinnskott og andre kortsiktige, likvide plasseringar som umiddelbart og med uvesentleg kursrisiko kan verte konvertert til kjende kontantbeløp og med gjenverande løpetid mindre enn tre månader frå anskaffelsesdato.

## Note 2 - Varige driftsmidler

Beløp i tusen norske kroner	Inventar og utstyr	Transportmidlar	Eigedom, bygningar og tomt <sup>1)4)</sup>	Tilpasningar på leigde bygg <sup>5)</sup>	Ikkje avskrivbare anl.midlar <sup>2)</sup>	Immaterielle eigendeler <sup>3)</sup>	Sum
Kostpris 1.1	3 910	1 034	14 846	3 006	3 875	232	26 902
Tilskot	263		2 876	322		60	3 521
Tilgang						-80	-80
<b>Kostpris 31.12.</b>	<b>4 173</b>	<b>1 034</b>	<b>17 722</b>	<b>3 328</b>	<b>3 875</b>	<b>212</b>	<b>30 343</b>
Akkumulerte avskrivningar 1.1	1 800	843	1 326	476	0	35	4 480
Årets avskrivning	401	22	607	57		20	1 107
Akkumulert avskrivning 31.12	2 201	866	1 933	534	0	54	5 587
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>1 972</b>	<b>168</b>	<b>15 789</b>	<b>2 794</b>	<b>3 875</b>	<b>158</b>	<b>24 756</b>
Avskrivningstid	4 - 7 år	5 år	20 - 30 år	20 - 30 år		10 år	
Avskrivingsprosent	15 - 25 %	20 %	3 - 5 %	3 - 5 %		10 %	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær		Lineær	

1) Tomt vert ikkje avskriven.

2) Lysinstallasjonen Hardanger Skyspace, kunst Dagestadmuseet

3) Lisensar, kjøpt

4) Investeringstilskot mottatt på 3,2 mill. kroner

5) Investeringstilskot mottatt på 0,2 mill. kroner

Årleg leige av ikkje balanseførte driftsmiddel	Leigeperiode	Årleg leige (beløp i tusen norske kroner)
Transportmidlar	60 mnd	27
Maskiner	36 - 60 mnd	57

## Note 3 - Varer

Beløp i tusen norske kroner	2019	2018
Materiellager (råvarer)	3 043	2 862
Ferdigvarer	420	288
Varer for vidaresalg	1 298	1 326
Ukuransavsetning	-631	-572
<b>Balanse 31.12</b>	<b>4 130</b>	<b>3 905</b>

Råvarelageret består av innsatsvarer til nybygging, reparasjon og vedlikehald av fartøy.

Ferdigvarelageret består av robåtar av typen Æring, Strandebarmen og Hardanger færing.

Varer for vidaresalg består av salsvarer, bøker og anna som er til sals i museumsbutikkane.

## Note 4 - Fordringar og gjeld

Kundefordringar er vurdert til pålydande, redusert med avsetning for tap på krav med TNOK 60. Tilsvarande avsetning i fjor var TNOK 163. Alle kundefordringane forfell innan eitt år.

Stiftinga har andre fordringar på:

Beløp i tusen norske kroner	2019	2018
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	1 251	4 815
Forskotsbetalingar	268	258
<b>Sum fordringar</b>	<b>1 519</b>	<b>5 073</b>

Ingen av dei nevnte fordringane forfell seinere enn eitt år.

Beløp i tusen norske kroner	2019	2018
Lån i Sparebanken Vest, inngåande balanse	6 140	6 392
Betalt avdrag	1 279	252
<b>Sum gjeld</b>	<b>4 861</b>	<b>6 140</b>

Hardanger og Voss museum tok i samband med kjøp av næringseigedom i Kvam kommune i 2016 opp eit lån på totalt 8,7 millionar kroner. Låneengasjementet skal revurderast etter fem år. Nedbetalingsstrukturen på lånet er 30 år. Gjeld som forfell seinare enn 5 år er 0 mill. kroner. Museet betalte ned 1 mill. kroner ekstra i avdrag på lån i både 2019, 2017 og 2016.

## Note 5 - Bundne midlar

Beløp i tusen norske kroner	2019	2018
Herav bundne bankinnskott	1 260	1 324

## Note 6 - Eigenkapital

Beløp i tusen norske kroner	Innskutt EK		Opptent EK
	Grunnkapital	Anna eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 1.1	229	12 843	13 072
Fusjon Herand Aktiesagbruk 1.1.	50	101	151
Årets resultat		-1 212	-1 212
<b>Eigenkapital 31.12</b>	<b>279</b>	<b>11 732</b>	<b>12 011</b>

Grunnkapitalen er skutt inn av kommunane i Hardanger og Voss. Stiftinga Hardanger og Voss museum er ei sjølvveigande stifting.

## Note 7 - Pantstillingar og garantiar m.v.

Hardanger og Voss museum har trekkrettar på 0,7 millionar kroner. Det er ved årsslutt ikkje trukke på kassekreditten. Trekkrettane er sikra med pant i eigedom tilhøyrande eigarselskapet Stiftinga Hardanger Fartøyvernssenter.

Hardanger og Voss museum har stilt transportløyvegaranti ovanfor Hordalans fylkeskommune på 73.000 kroner. Garantien gjeld til 31.12.2025. Det er etablert 1. prioritets panterett i driftstilbehør samt motorvogn og anleggsmaskiner.

Hardanger og Voss museum har per 8.4.2016 stilt realkausjon på 15 mill. kroner til Sparebanken Vest. Kausjon er knytt til fast eigedom i Kvam kommune; gnr 11, bnr 336. Bokført verdi for eigendeler stilt som pant er 11,5 mill. kroner.

## Note 8 - Pensjonsmidlar/-forpliktelse

Hardanger og Voss museum har ei kollektiv pensjonsforsikring i KLP som omfattar 73 tilsette, 157 oppsatte og 27 pensjonistar. Ordninga gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av antal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga knytt til ordninga er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

Stiftinga har og ein avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP). Den nye AFP-ordninga som gjeld frå og med 1. januar 2011 er å sjå som ei ytelsesbasert flerforetaksordning, men vert rekneskapsført som ei innskotsordning fram til det ligg føre påliteleg og tilstrekkeleg informasjon slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proporsjonale andel av pensjonskostnad, pensjonsforpliktelse og pensjonsmidlar i ordninga. Stiftinga sine forpliktelser er derved ikkje balanseført som gjeld.

Stiftinga sine pensjonsordningar tilfredsstiller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Det er innbetalt 1,3 mill. kroner i eigenkapitalinnskot til pensjonsleverandør.

### Resultatrekneskap

Beløp i tusen norske kroner	2019	2018
Noverdi av årets pensjonsopptening	4 587	4 501
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	1 756	1 588
Avkastning på pensjonsmidlar	-2 375	-2 211
Arbeidsgivaravgift	586	579
<b>Netto pensjonskostnad ytelsesordning</b>	<b>4 553</b>	<b>4 457</b>
Kostnader ved AFP-ordning inkl. arbeidsgivaravgift		
Resultatført planendring	-480	
Kostnader ved innskotsordning inkl. arbeidsgivaravgift	185	226
<b>Sum netto pensjonskostnad</b>	<b>4 259</b>	<b>4 683</b>

### Balanse

Netto pensjonsforpliktelse. Beløp i tusen norske kroner	2019	2018
Opptente pensjonsforpliktingar 31.12	64 799	63 834
Berekna effekt av framtidig lønnsregulering	0	0
<b>Berekna brutto pensjonsforplikting 31.12</b>	<b>64 799</b>	<b>63 834</b>
Pensjonsmidlar (til marknadsvardi) 31.12	58 257	54 945
Ikkje resultatførte estimatavik/planendring	3 937	480
Arbeidsgivaravgift	1 478	1 253
<b>Netto pensjonsforplikting/-midlar</b>	<b>11 956</b>	<b>10 622</b>

Økonomiske føresetnader	2019	2018
Diskonteringsrente	2,30 %	2,60 %
Forventet lønnsvekst	2,25 %	2,75 %
Forventa G-regulering	2,00 %	2,50 %
Forventa pensjonsregulering	1,24 %	1,73 %
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	3,80 %	4,30 %
Levealder-tariff	K2013BE	K2013BE
Uføre-tariff	KLP	KLP
Amortiseringstid	15	15
Korridorstørrelse	10,00 %	10,00 %
Arbeidsgivaravgift	14,10 %	14,10 %

## Note 9 - Forskotsbetalingar

Beløp i tusen norske kroner	2019	2018
Forskotsbetalte tilskot	4 762	3 574
Forskot frå kundar	58	59
<b>Balanse 31.12</b>	<b>4 819</b>	<b>3 633</b>

Forskotsbetalte tilskot består av prosjekttilskot frå offentlege og private samarbeidspartar. Tilskota vert inntektsført i tråd med aktiviteten i det einskilde prosjekt.

## Note 10 - Tilskot og gåver

Beløp i tusen norske kroner	2019		2018	
	Beløp	Prosent	Beløp	Prosent
Statlege tilskot inkl. gåveforsterking	11 147	30 %	11 004	25 %
Fylkeskommunale tilskot	13 659	37 %	13 206	30 %
Kommunale tilskot	2 409	7 %	4 093	9 %
Riksantikvaren	7 293	20 %	11 953	27 %
Andre tilskot og gåver	2 046	6 %	3 516	8 %
<b>Sum</b>	<b>36 555</b>	<b>100 %</b>	<b>43 771</b>	<b>100 %</b>

Tilskota består av ordinære driftstilskot, prosjekttilskot, sponsorstøtte, lærlingetilskot og anna. Tilskot og gåver utan bindingar vert registrert brutto og klassifisert som driftsinntekter i resultatet i den perioden dei er meint å dekke. Tilskot med konkrete bindingar vert inntektsført i tråd med bruken av midlane. Tilskot til investeringar vert registrert netto som reduksjon av kostpris i balansen.

Ordinært driftstilskot i 2019 frå Kulturdepartementet var 10,905 mill. kroner (2018: 10,670 mill. kroner). Gåveforsterking frå Kulturrådet i 2019 var 0,04 mill. kroner (2018: 0,3 mill. kroner).

Ordinært driftstilskot i 2019 frå Hordaland fylkeskommune var 12,856 mill. kroner (2018: 12,336 mill. kroner).

Driftstilskot til fellestenester i 2019 frå Riksantikvaren var 5,620 mill. kroner, herav 0,5 mill. kroner til investering (2018: 5,584 mill. kroner, herav 0,8 mill. kroner til investering).

Riksantikvaren har i 2019 gitt prosjekttilskot til restaurering av ferja MF Folgefonn på 2 mill. kroner (2018: 5,7 mill. kroner). Ferja er klassifisert som museums-gjenstand og restaureringstranksaksjonar vart registrert via resultatrekneskapen.

## Note 11 - Lønnskostnader, antal tilsette, godtgjersler m.m.

Beløp i tusen norske kroner	2019	2018
Lønningar	27 043	27 708
Arbeidsgjevaravgift	3 565	3 590
Pensjonskostnader*	3 968	3 878
Andre lønnsrelaterte ytelsar	502	592
<b>Sum</b>	<b>35 078</b>	<b>35 768</b>

Gjennomsnittleg antal tilsette <sup>1)</sup>	70	69
Gjennomsnittleg antal årsverk <sup>1)</sup>	61,7	60,5
Antal faste tilsette 31.12 <sup>2)</sup>	64	60
Antal faste årsverk 31.12 <sup>2)</sup>	54,8	55,8
Totale årsverk 31.12 <sup>2)</sup>	61,7	61,7
Sjukefråvær 31.12	6,3 %	4,3 %

\* Sjå note 8

1) I gjennomsnittstala inngår faste tilsette, lærlingar, prosjekt- og sesongtilsette

2) Tala for faste tilsette og årsverk inkluderer lærlingar

Det var i perioden 1.1.2019 - 31.12.2019 utbetalt kroner 859.901 til dagleg leiar Randi Bårtvedt. Av dette gjeld fordel elektronisk kommunikasjon kroner 4.392. Dagleg leiar inngår i stiftinga si kollektive pensjonsordning og det var utbetalt 120.044 kroner i innbetalt premie i perioden. Det er ikkje andre ytelsar eller forpliktelsar til dagleg leiar utover det som er opplyst. Dagleg leiar har ikkje bonusordning, og det ligg ikkje føre avtale om etterlønn ved avslutning av arbeidsforholdet.

Det var i 2019 utbetalt kroner 157.000 i styrehonorar til stiftinga Hardanger og Voss museum sitt styre (2018: 154.000). Det var ikkje gitt lån eller stilt sikkerheit for lån til direktør, styremedlemer eller tilsette.



Styrehonorar	Rolle	2019
Bjørn Christensen	Styreleiar tom 2.9.19	33 333
Sigrød Brattabø Handegard	Fungerande styreleiar frå 2.9.19	31 667
Toralv Mikkelsen	Styremedlem	21 000
Asbjørn Tolo	Styremedlem	21 000
Brit Aksnes	Styremedlem	15 000
Alexander Günther	Styremedlem	16 000
Ann Kristin Kjerland	Styremedlem	14 000
Anne Sofie Lutro	Vara	3 000
Geir Madsen	Vara	2 000

#### Kostnadsført godtgjersle til revisor

Kostnadsført godtgjersle til revisor er eksklusive meirverdiavgift og fordelt på følgjande:

Beløp i tusen norske kroner	2019	2018
Lovpålagt revisjon	225	198
Andre attestasjonstenester	53	9
<b>Sum honorar</b>	<b>278</b>	<b>207</b>

Honoraret inkluderer i tillegg til revisjon av stiftinga Hardanger og Voss museum, revisjon av eigarselskapa Stiftinga Hardanger Fartøyvernssenter og Stiftinga Agatunet.

## Note 12 - Andre driftskostnader

Beløp i tusen norske kroner	2019		2018	
	Beløp	Prosent	Beløp	Prosent
Utstillingar og prosjekt	993	6 %	867	4 %
Eksterne tenester	2 722	16 %	3 509	16 %
Drift og vedlikehald anlegg og utstyr	9 591	58 %	14 947	66 %
Marknadsføring, transportmidlar, reiser	2 156	13 %	2 651	12 %
Andre driftskostnader	1 182	7 %	590	3 %
<b>Sum andre driftskostnader</b>	<b>16 644</b>	<b>100 %</b>	<b>22 564</b>	<b>100 %</b>

I linja "Drift og vedlikehald anlegg og utstyr" inngår restaurering av MF Folgefonn på 1,9 mill. kroner (2018: 5,7 mill. kroner), ny basisutstilling ved Voss folkemuseum på 0,3 mill. kroner (2018: 1,2 mill. kroner), restaurering Agatunet på 0,6 mill. kroner (2018: 1,1 mill. kroner). I 2018 var i tillegg prosjekta ombygging ved utstillingssal og festsal ved Voss folkemuseum på 3,4 mill. kroner og nybygg Kyrkjebåt på 0,4 mill. kroner inkludert.

## Note 13 - Transaksjonar med nærstående partar

Beløp i tusen norske kroner	2019	2018
Husleige til Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter	138	147
Husleige til Stiftelsen Agatunet	20	20
<b>Sum husleige</b>	<b>158</b>	<b>167</b>

Hardanger og Voss museum har samarbeidsavtalar med eigarselskapa stiftingane Hardanger fartøyvernssenter og Agatunet, foreiningane Voss folkemuseum og Hardanger folkemuseum, om vedlikehald og drift av museumsanlegg og gjenstandar.

Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter har per 8.4.2016 stilt realkausjon på 7,8 mill. kroner for stiftinga Hardanger og Voss museum. Kausjon er knytt til fast eigedom i Kvam kommune; gnr 10, bnr 76, gnr 11, bnr 26.



Til generalforsamlinga i Stiftinga Hardanger og Voss Museum

## *Melding frå uavhengig revisor*

### *Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen*

---

#### *Konklusjon*

Vi har revidert Stiftinga Hardanger og Voss Museum sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstrømpoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultat og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

---

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

---

#### *Ytterlegare informasjon*

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

---

#### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

---

*PricewaterhouseCoopers AS, Sandviksbodene 2A, Postboks 3984 - Sandviken, NO-5835 Bergen*

*T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no*

*Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap*



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

---

### *Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgaver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

### *Utsegn om andre lovmessige krav*

---

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

---

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 25. februar 2020  
**PricewaterhouseCoopers AS**

Jan Roger Hånes  
 Statsautorisert revisor  
 (elektronisk signert)



Sommarkonsert på Mølstertunet. Foto: Kjell Herheim



### Hardanger og Voss museum

Organisasjonsnummer: 987 927 704

Besøksadresse: Museumsvegen 36, 5778 Utne

Postadresse: 5778 Utne

Telefon: 404 34 100

E-post: [post@hvm.museum.no](mailto:post@hvm.museum.no)

Bankkontonummer: 3530.05.03096

Bankforbindelse: Sparebanken Vest

IBAN code: NO2235300503096

SWIFT code: SPAVNOBBXXX

[hardangerogvossmuseum.no](http://hardangerogvossmuseum.no)